



### Podkast for leselyst

Nynorskfor-  
fattarar startar  
kritikarpodkast  
om fantastisk  
litteratur

SIDE 13-16



### Nynorsk i Noreg 2050

Framlegg til nytt  
arbeidsprogram:  
1 million nynorsk-  
brukarar i 2050.

SIDE 20-21



### Oda og Victoria:

- Nynorsk-  
timane er kjek-  
kare enn bok-  
målstimane!

SIDE 4-5

# Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 4  
november 2025

## Vald og mord frå Gurskøy

Laura Djupvik prøver seg som  
krimforfattar - på nynorsk.

SIDE 6-9



## Litteratur og språk er nyttig

■ Simen Velle, utdanningspolitisk talsperson for FrP, seier han vil kutta i stipendordningane for studentar som ikkje vel nyttige studiar. Det er openbert at han vil peika på humaniora og samfunnsvitskapen som «unyttige studiar». At dette framstår som sjølvsgagt for stadig fleire, seier noko om korleis det står til med synet på kunnskap i den digitale tidsalderen.

■ Det er forskjell på å ha kunnskap og informasjon. Kunnskap er meir enn å berre kunna finna rett svar. Vegen til innsikt og visdom er lang, vanskeleg og komplisert, og vegen dit er nyttig i seg sjølv. Eg prøver meg på ein definisjon: Å henta inn informasjon og kunna forstå kvifor og når denne er informasjonen er viktig, er kunnskap.

■ Å kunna bruka kunnskap til å løysa utfordringar og tenkja nytt, er visdom. Fleire studentar seier under fullt namn at dei ikkje les pensum, at dei ikkje kjøper bøker - dei kan jo berre spørja ChatGPT. Altså hentar ein ikkje inn informasjon sjølv. Ein kan få ChatGPT til å skriva ei oppsummering for deg, eller for den saks skuld ei heil oppgåve. Då har ein heller ikkje reflektert rundt kvifor informasjonen er viktig. Altså sit ein att med rein informasjon, reint innhald, og veldig lite substans.

■ Korleis skal vi lukkast med å oppmoda både vaksne og born om å lesa meir, dersom vi samstundes seier at desse faga er unyttige? Lesing og skrift vil nok aldri døy heilt ut. Men ulikskapane om kven som les og kven som kan lesa, vil kanskje bli større. Då får vi ein maktubalanse, og då har vi også eit demokratisk problem. Men kva om manglande lese- og skriveforståing faktisk også har økonomiske konsekvensar?

■ I fjor siterte Mie Hidle i Aftenbladet ei venninne som jobbar i australsk etterretning med å laga presise modellar og gode prosedyrar. Ho var sitert på å ha sagt «Det er utruleg kor sjeldan tydeleg språk er no om dagen». Korleis hadde ho sjølv fått denne sjeldne kompetansen? Med ein doktorgrad i engelsk 1500-tals lyrikk.

MEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

### Utgeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

**Tilskrift:** Dronningens gate 22, 0154 OSLO

**Redaktør:** Vemund Norekvål Knudsen

#### I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

**Heimeside:** www.nm.no

**Abonnement:** 250 kroner per år

**Utforming:** Audun Skjervøy, Språksmia AS  
smia@spraksmia.no

Når hausten tenner sine raude ljós, inviterer Stortinget nærings- og organisasjonsliv inn til **budsjett høyringar**. Der får kvar aktør tre små tilmålte minutt til å fortelje kvifor akkurat dei fortener aukte løyvingar.

# Samlebandsde

■ Det er kvar mann for seg og sitt, og alle har det privilegiet det er å sleppe å tenkja på heilskapen, budsjettimpuls og inndekning. Noregs Mållag deltek sjølvsgagt i denne leiken. Vi er med for å fortelje nasjonalforsamlinga kvifor og korleis ho/ein bør styrkje nynorskens situasjonar, og kva andre tiltak som betrar kára for nynorskelevane og fremjar nynorsk skriftkultur.

■ Då Ap-regjeringa la fram sitt framlegg til budsjett for 2026, hadde Noregs Mållag fått ei auka løyving på 400 000 kroner. Det viser at dei ser kor viktige vi er for å fremje nynorsken og passe på offisiell norsk språkpolitikk. Det viser også at dei har fått med seg det tydelege kravet frå ei samla målrørsle: Ein ekstra million til Noregs Mållag er det viktigaste einskildtiltaket for nynorsken på kulturbudsjettet. Ingen ting gjev meir nynorsk for pengane enn ei auka løyving til Noregs Mållag. Då eg møtte i kulturkomiteen skrytte eg, men understreka likevel at Stortinget må finne dei 600 000 kronene som manglar, for å kvittere ut den viktige mållagsmillionen.

■ I innlegget mitt, la eg vekt på at Noregs Mållag dei siste åra har hatt stor medlemsvekst. Dette viser at mange vil vere på lag med nynorsken, og at dei ønskjer å støtte

### ■ leiarteigen



PEDER LOFNES HAUGE

Leiar i Noregs Mållag

eit offensivt arbeid for å gje språket betre vilkår. Med medlemsvekst kjem eit større ansvar for å utvikle organisasjonen, både lokalt og sentralt. Til det treng vi ressursar. Organisasjonen vår er no 60 % større enn for 15 år sidan, men administrasjonen er like liten som då.

■ Eg fekk inntrykk av at budskapet gjekk heim – sjølv om mine tre minutt kom etter ni timar med treminuttsinnlegg som samla sprenger alle budsjettammer.

■ I utdanningskomiteen brukte eg tida mi på å snakke om nynorskmillionane som forsvann. Då den nye opplæringslova tok til å gjelde, fekk ungdomskulelevane rett til å gå i språkdelt klassar. Stortinget har løyvd 102 millionar kroner til tiltaket, men pengane går ikkje til dei kommunane der slike

# mokrati

klasser er aktuelle. Pengane er fordelte etter ein nøkkel i inntektssystemet, og er ikkje øyremerkte slik dei burde vere. Resultatet er at dei 36 kommunane der slik språkdeling er aktuelt, berre får 17,3 millionar, medan Oslo aleine, med sine to (!) nynorskelevar, får 11 millionar. Slik risikerer vi å slå i hel ein viktig nynorsksiger, og auke risikoen for språkbyte i språkblanda område.

■ Målrørsla kjem til Stortinget og ber på våre kne om sårt tiltrengte nynorskkrone. Då er det eit paradoks at Stortinget faktisk samstundes overfinansiert retten til språkdelt ungdomsskular. Problemet er berre at desse pengane er smurde tynt utover som frie inntekter til kommunar som ikkje treng dei.

■ Løysinga kan dei få gratis av oss: Om pengane vart øyremerkte, eller del av ein søkbar pott, kunne ein spart pengar på statsbudsjettet. Det ein sparar, kunne blitt brukt til eit sårt tiltrengt nynorsk kulturløft.

■ Nynorsk forum sine samla økonomiske innspel til kulturbudsjettet summerer seg til 36 millionar kroner. Det er på tide at vi får desse – og at vi ikkje lenger blir tvinga til å velje mellom gode tiltak. Gudane skal vite at det blir brukt langt større summar på langt mindre viktige ting.

■ Vi er inne i den andre raudgrøne perioden på rad. Eit nynorsk kulturløft vil både underbygge ambisjonane i språklova, og vere heilt i tråd med lovnadene det nynorskvenlege stortingsfleirtalet gjekk til val på.

■ Eg forventar at vi får til dette i løpet av perioden – og fram til pengane er på konto, skal vi hamre inn budskapet om kor viktige dei er i alle forum vi kan. Både i det offentlege ordskiftet gjennom heile året, og i samlebandsdemokratiet om hausten.

“ **Ein ekstra million til Noregs Mållag er det viktigaste einskildtiltaket for nynorsken på kulturbudsjettet. Ingen ting gjev meir nynorsk for pengane enn ei auka løyving til Noregs Mållag.** ”

Illustrasjon: Tonje Thorstad Kildal

## ■ sagt

Den største komplimenten me får, er at bokmålsfolk «ikkje merka at dei las nynorsk». Med mindre ein er Jon Fosse, då. Jon Fosse har gjort nynorsk sexy. Det er sexy å vinne nobelprisen i litteratur, trass i at ein gjer det med langt, tjafsete hår og mumlete stemme. Det er også sexy at Noregs Mållag ikkje har hatt høgare medlemstal sidan 1985. Ikkje alt i verda går til helvete.

**Randi Fuglehaug i Dag og Tid**

Eg trur hatet mot nynorsk er blitt ein vane. Nesten ein trend. Når du aldri høyrer eller les nynorsk i kvardagen, blir det lett noko framandt. Og det vi ikkje forstår, mislikar vi ofte. Det handlar ikkje eigentleg om språk. Det handlar om eksponering og haldningar.

Eg har tru på og håp om at hatet mot nynorsk ikkje er noko permanent. Det er ein trend, eit resultat av systematiske manglar på eksponering, representasjon og språkleg mangfald. Og det kan endrast.

Vi er kanskje berre ein prosentdel igjen som brukar nynorsk. Men kampen er likevel verdt å ta. Tenk å bruke så mykje energi på å hate eit språk. Det er nesten litt flaut.

**Sigrid Høgseth Felde i Aftenposten**

Nei, jeg er ikke opphengt i fortiden og vil tilbake til brevgiro, det er ikke dét. Men BankID på mobil var lek med ord. Det satte hjernen i fri modus i et par sekunder. Midt i noe så kjedelig som nettbank, repetitivt arbeid eller selvangivelse kom SKUF-FET LEFSE og tente en liten glød der den uendelige fantasien bor. Eller den utsatte kunden for nynorsk poesi med FRAMIFRÅ GRAUT.

**Liv Boye Okkenhaug i Avisa Nordland**

Eg stod på Extra og tenkte eg bør setja norsk tastatur på telefonen min. Og så såg eg at det var to: Nynorsk og bokmål. Eg tenkte: Den er ny, den skal eg velja, seier Pisarskij til Framtida.no.

**Dmitrij Pisarskij til Framtida.no**

Eg har meldt meg inn i Mållaget! [...] Eg blei rekruttert via ei hyggelig direkte melding på Instagram. Moderne er nynorskfolket blitt også.

**Randi Fuglehaug**

Jeg er 37 år, og leser for første gang en bok på nynorsk – takket være Leseklubben på NRK. Litt flaut, men bedre sent enn aldri. På skolen fikk jeg fritak fra nynorsk, fordi foreldrene mine ikke er født i Norge. En rar regel. Jeg var jo skoleflink, og hadde de samme forutsetningene som klassekameratene mine til å lære det. Først nå ser jeg at nynorsk ikke er farlig.

**Kave Rashidi på Instagram**

Ved Karlsrud skole i Oslo hadde elevane 4,5 i snitt på sidemålsseksamen. Med det er dei meir enn ein heil karakter høgare enn landsnittet, som er på 3, 3. Praktiske og kreative læringsmetodar og ein **fagleg engasjert lærarstab** får heideren for resultatata.

## «Karlsruddmodellen»:

# - Nynorsktimane er kjekkare enn bokmålstimane

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN  
vemund.knudsen@nm.no

■ Norsk Tidend møter lærarane Hanne Mostervik Dalby og Yngve Haugen Mehl saman med dei to 9. klassingane.

– For oss er det viktig å vera stolte og engasjerte i faget vårt, og ha sjølvtrillit på at det er viktig. Ved å ta positivitet og engasjement inn i klasserommet og i undervisinga, smittar det over på elevane, fortel lærar Hanne Mostervik Dalby.

– Vi møter av og til litt motstand i starten, men når vi får forklart elevane kvifor vi har to skriftspråk, kvifor dei må læra det og at det iallefall ikkje hjelper å vera negativ, så endrar det seg, seier Yngve Haugen Mehl.

### Motiverer kvarandre

Karlsrudd skole har hatt over 4 i snitt på sidemålsseksamen for 10. trinn kvart år dei siste tre åra, og standpunktarakterane er ganske like eksamenskarakterane. Hanne og Yngve fortel om ein lærarstab som jobbar godt i lag og dreg lasset saman, der dei engasjerer og motiverer kvarandre, og er samkøyrde i korleis dei legg opp undervisinga. To nøkkelord er positivitet og leik.

– Ein er sjølvstøtt avhengig av grammatikk for å gjera det bra, men ønskjer å gjera nynorsk mindre «farleg» ved å gjera det kjekt og morosamt. Lesing og skriving er sentralt for å bli trygg i eit språk, men det kan vera mykje meir enn pugging og grammatikk. Då trur vi at vi også kan skapa gode haldningar til

nynorsk og norskfaget, forklarar Yngve og Hanne.

Rektor Ylva Kjendsli Mikkelson fortel at skulen aktivt har jobba for å rekruttera lærarar som er engasjerte i norskfaget og som er gode i nynorsk. Dei har ein stab som funkjar svært godt saman, fortel ho.

– Vi er stolte av det vi har fått til, og vi er stolte av både lærarane og elevane våre. Norskklærarane våre er engasjerte, kreative og har stor interesse, kompetanse og glede for norskfaget. Når undervisinga blir variert og positiv, og lærerne er engasjerte og fagleg kompetente, smitter interessa og engasjementet over på elevane. Lærerne hjå oss bidreg til at nynorsk ikkje skal vere keisamt eller skummelt, men noko som skal vere spennende, relevant og interessant.

### Faste lesestundar

Elevane har lært om både språkstriden og grunnlova gjennom leikar, skodespel og ulike konkurran-

“ **I starten kjentest det litt rart at vi hadde to skriftspråk, men når timane er så kjekke er det berre gøy.**

Oda, elev ved Karlsrud skole

sar. Ein gong fekk elevane utdelt ferdigskrivne manus som dei skulle spela ut framfor kvarandre. Det fall i god smak hjå elevane.

– Nynorsktimane er kjekkare enn bokmålstimane, seier Oda og Victoria. Vi synest timane er veldig kjekke og at opplegget til lærarane funkjar godt. Det er praktisk, og det er veldig bra.

Lesing er ei viktig satsing for skulen. Karlsrud skole har fast tilsett bibliotekar, og organiserte, faste lesestundar. Yngve og Hanne fortel at dei har klassesett av nokre av bøkene, slik at alle les det same og kan diskutera dei.

– Vi har eit mål om å lesa to romanar i året, og då er vi veldig glade for at vi har moderne og nye nynorskbøker å velje i, fortel Hanne. – Lesing er gratis språklæring, og difor veldig viktig. Ein får mykje ut av å lesa meir, då får ein inn mykje av det grunnleggjande, legg Yngve til.

### «Berre endå eit fag»

Når elevane får velja bøker sjølv, er dei klåre og tydelege på at tematikk og kvalitet er mykje viktigare enn kva språk ho er skrive på.

– Eg las nettopp *Sytten, snart 18* av Andrea Rudland Haave, fordi ho høyrdest interessant ut. At ho var skriven på nynorsk, var ikkje så viktig, men det var ikkje eit problem heller, seier Oda.

– Eg las ei av bøkene som var nominerte til U-prisen, som var på nynorsk. Nynorsken var litt vanskeleg i starten, men så forstod eg meir og meir. No tenkjer eg ikkje så mykje på at eg les nynorsk, fortel Victoria.

Karlsrudd skole er ein 1 til 10



skule. Likevel fortel dei to klassevenninnene at dei ikkje hadde snakka om eller tenkt særleg mykje omkring nynorsk før dei starta på ungdomstrinnet. Dei hadde heller ikkje lese noko nynorsk i løpet av barneskulen. Dei hadde difor heller ikkje noka mening om nynorsk var noko dei likte eller ikkje.

– Det var berre endå eit fag, vi tenkte ikkje så mykje over det. I starten kjentest det litt rart at vi hadde to skriftspråk, men når timane er så kjekke er det berre gøy, fortel Oda. Victoria nikkar i semje.

### Engasjement for faget

Lærarane seier seg samde i at dei kan gjera meir for å førebu elevane på at dei skal læra nynorsk, og introdusera elevane for nynorsk tidlegare. Dei ønskjer, til dømes, å halda oppe eit lesestrykk gjennom alle ti åra.

Resultata av metodane som er i bruk ved Karlsrud snakkar kanskje for seg sjølv. Hanne og Yngve fortel at dei ikkje lærte noko av desse undervisningsmetodane som del av lærarstudia.



**GRATIS SPRÅKLÆRING:** Lesing gjev gratis språklæring, meiner Hanne og Yngve. Difor har Karlsrud skole eit medvite fokus på at elevane skal lesa ofte. Oda og Victoria er begge glade i å lesa, og skulle gjerne sett fleire nynorsk-bøker.

– Ein viktig motivasjon for oss er å finna gode måtar å motkjempe dei negative haldningane som finst. Sidemålsundervisinga og haldningane til nynorsk blir mykje enklare om det er knytt til noko positivt. For å få til det må vi ha eit engasjement for faget vårt, fortel Hanne.

**Meir leik og moro**

Både Hanne og Yngve ser at haldningane til nynorsk er blitt betre med åra, men det er framleis ein del negativitet der ute. Impulsar i kulturen, men også haldningar heimefrå og ungdomspolitikarar kan vera kjelda til negative haldningar til nynorsk, spekulerer dei.

– Men den viktigaste faktoren er lærarane sjølve. Vi vil gjerne oppmoda andre skular om å vera stolte av lesing og satsa på det, og ha meir leik og moro med undervisinga og faget. Vi håpar fleire kan bli inspirerte av å høyra om noko av det vi har fått til her, seier Hanne og Yngve.

På spørsmål om det er noko dei saknar når det kjem til nynorsk og undervising, er iallefall Oda veldig tydeleg:


– Det er litt vanskeleg å finna nynorske bøker av og til, det er dumt. Og så blir det litt mykje romantikk. Eg vil gjerne ha meir fantasy på nynorsk!

Heldigvis for Oda og andre leseglade elevar ved Karlsrud er det ikkje vanskeleg å finna fram til nynorsk-bøkene på skulebiblioteket: Dei er framheva med eigen hylle og lapp som seier «Fantastiske bøker på nynorsk».

– Nynorsk og sidemålsundervising var lite tematisert, vi har måtte finna på og leita opp mykje sjølve. Vi deler idear og det som funkar og ikkje funkar med kvarandre, og vi håpar vi kan vera til inspirasjon for andre skular og lærarar også, seier Yngve, som forøvrig skreiv mastergrad om ungdomsskolelærarar sine haldningar til nynorsk, og kva faktorar som påverkar undervisinga deira.

**“ Sidemålsundervisinga og haldningane til nynorsk blir mykje enklare om det er knytt til noko positivt. For å få til det må vi ha eit engasjement for faget vårt.**

*Hanne Mostervik Dalby*



# – Nynorsk funkar veldig godt. Du kan vera ho

Etter at **Laura Djupvik** las ei rystande forteljing i ei lokalhistorisk bygdesoge, fann gurskøyveringen ut at ho ville prøva seg som krimforfattar. No ønskjer ho å gje høgare status til ein underkjend litterær sjanger.

MEMUND NOREKVÅL KNUDSEN  
memund.knudsen@nm.no

■ Norsk Tidend møter Laura Djupvik på Thekotopa på St. Olavs Plass i Oslo. Djupvik fortel at ho vart hardt råka av korona. Ho var så dårleg at ho sleit med å lesa, noko som leia henne til lydbøker. Då vart ho særleg begeistra for den britiske krimdronninga P. D. James, og historiene om etterforskararen Adam Dalgliesh.

– Eg vart sendt rett tilbake til den barnlege leseglede og gleder i ei god historie. Dette har alltid vore interessant for meg, men eg hadde ikkje utforska krimsjangeren noko særleg før no.

– *Kvifor enda du opp med å skriva ein kriminalroman?*

– Ein har gjerne mange idear, og dei konkurrerer med kvarandre om plassen. Det er ikkje mogleg å gjera alt, så ein må prøva ein idé opp mot noko anna. Det handlar ofte om kva perspektiv som høver best til det ein vil fortelja.

## Spor frå fortida

Ideen til *Nattbarnet* kom frå ei historie ho fann i ei bygdesoge frå heimstaden Gurskøy. På 1600-talet vart det innført dødsstraff for å føda i dulsmål – altså å halda ein fødsel hemmaleg, eller skjult.

– Det var ei historie om ein ung mann som hadde sett barn på éi av tre systre, han hadde hatt eit forhold med alle. Det var sagt at barnet var daudfødd og at dei prøvde å kvitta seg med barnet, men dei vart oppdaga. Straffa var nådelaus: både mora og barnefaren vart dømde til døden.

Brutaliteten i desse lovene rysta Djupvik. Dødsstraffa skal ha

blitt uført på Stegelholmen, som ikkje er langt frå der ho vaks opp.

– Tenk at det var sånn! I forsøket på å ha rammer og orden i eit samfunn, har vi krenkt enkeltmenneske så mykje. Ikkje berre vart dei dømde til døden, dei skulle bli torturerte først, og alle kunne sjå på. Eg tok meg i å spørja: Set denne historia spor i lokalsamfunnet? Korleis blir vi påverka av henne? Korleis spelar fortida inn på liva våre i dag?

## Fridom

Djupvik tenkte historia var høveleg for ein krimroman, men ho hadde korkje skrive eller lese så mykje krim tidlegare. Difor måtte ho læra seg å skriva krim og utforska nye sider ved seg sjølv som forfattar.

– Eg landa på at eg ikkje berre ville låna frå krimsjangeren, men gå heilt inn i det. Eg ville gje plass til den sida ved meg som er historieforteljar. Eg har tenkt på noko av dette før, men det er grunnleggjande viktig i krimsjangeren å vita korleis du fortel. Du må vera medviten om kva du fortel, når du fortel det og kva spor du legg ut. For meg har det vore ein fridom i å kunna skriva noko anna enn eg har gjort tidlegare.

## Litterært ambisiøs

Djupvik søkte seg inn på krimforfattarskulen til Cappelen Damm, og der lærte ho mykje om dei viktigaste trekkene ved krimsjangeren. Djupvik insisterer på at det finst litterære kvalitetar i krimsjangeren, at noko kan vera både god litteratur og god krim samstundes. At *Nattbarnet* har fått nemninga «Kriminalroman», understrekar dette poenget.



“ **Ikkje berre vart dei dømde til døden, dei skulle bli torturerte først, og alle kunne sjå på.** ”

– Ein må gjerne seia at «det finst så mykje dårleg krim, så det les eg ikkje», men dårleg litteratur kan ein jo finna innanfor alle sjangrar. Eg synest ein må klara å sjå dei store variasjonane innanfor krimsjangeren.

– Eg er ikkje noko mindre litterært ambisiøs fordi eg har skrive krim. Mitt mål er eit litterært ambisiøst prosjekt, som også har ei god krimgåte. I nokre litterære kretsar og litteratursyn snakkar ein ned plottet og forteljinga, eg vil snakka fram kvalitetane ved ei godt fortalt historie.

# dig godt til drap og urd, brutal og direkte.



**BLIR KRIMFORFATTAR:** Djupvik skildrar kriminalromanen sin som ein «whodunnit med noko attåt.»

Foto: Hildebjørg Djupvik

Djupvik viser til at når folk høyrer «krim» tenkjer ein nok ofte på «politikrim», ein etterforskar eller politi som skal løysa ei krimgåte. Sjangeren er derimot svært variert: Ein har til dømes «whodunnit», men også «whydunnit» eller «howdunnit», og det er mange ulike måtar å fortelja desse på. Sjølv vil Djupvik skildra *Nattbarnet* som ein «whodunnit med noko attåt.»

#### Eskistensielle spørsmål

Forutan om P. D. James trekker Djupvik fram forfattarane frå

det ho kallar gullalderen, der det fanst særleg mange kvinnelege forfattarar. Eit døme er Agatha Christie, der «Doktoren mister ein pasient» er ein favoritt. I tillegg nemner Djupvik svenske Kerstin Ekman og amerikanske Patricia Highsmith, kjende for «The Talented Mr. Ripley» og «Strangers on a Train».

Krimsjangeren er kjend for å ha samfunns- og maktkritiske budskapar. Det er derimot ikkje samfunnskritikk Djupvik er ute etter med *Nattbarnet*. Ho ser på kriminalromanen som ein god

stad for å diskutera store eksistensielle spørsmål og utforska inderlege relasjonar.

– Mord er ei overskridande handling. Du kan levera tilbake ei stolen lysestake, men du kan ikkje gje tilbake eit liv du har teke. Det handlar om spørsmål om skyld, soning og straff. Samstundes må kriminalforteljinga som forteljing vera konkret. Det er denne blandinga av dagleglivet og små forhold, regulerte samfunn og det som siver opp til overflaten og stikk seg ut i retningar som er veldig destruktive.

“ **Eg er ikkje noko mindre litterært ambisiøs fordi eg har skrive krim. Mitt mål er eit litt rært ambisiøst prosjekt, som også har ei god krimgåte.** ”



– Min inngang er å sjå på krimnalforteljinga som ei feiring av god forteljarkunst. Og eg er meir oppteken av det menneskelege: korleis pregar historia ein stad, ein kultur, medmenneske? Du kan sikkert kalla det «nære relasjonar krim», for dette er også ei familieforteljing, og den av bøkene mine som er tettast knytt til heimstaden min.

### Katarsis

På spørsmål om kva Laura Djupvik legg i «god forteljarkunst» og «god krim», svarer ho «Doktoren mister ein pasient» av Agatha Christie, som har ein svært kjend tvist som ikkje skal røpast her.

– Komposisjon er veldig viktig. Du må ha eit innhald og karakterar som driv handlinga fram, og eg meiner at plottet bør veksa ut av karakterane, i tillegg til å ha godt språk. Truverd, kompleksitet, evna til å skapa engasjement hjå lesaren er stikkord her. Dette er også litterær kvalitet for meg. Det skal vera underhaldande, det kan vera spennande. Spenning er like mykje det du forventar, som det du fryktar og som det som faktisk skjer.

– God krim skal kanskje appellera til konspiratøren i oss?

– Ja, absolutt! seier Djupvik entusiastisk.

– Katarsis er ein ganske viktig del av krimsjangeren. Tenk på alt som ikkje blir oppklart i våre eigne liv. Alt som ikkje fekk ei tilfredsstillande forklaring og

er uforløyst. Vi er fødde med ei historieforteljande hjerne, og då tenkjer eg at ein kanskje skal la lesaren fylla ut noko av informasjonen sjølv. Dersom lesaren skal bli engasjert, må det vera noko der som set hjernen i gang og let tankane gå.

### Mord og drap på nynorski

– Meg kjend er det få nynorske titlar innanfor krimsjangeren og få nynorskforfattarar som skriv krim. Eg har tidlegare sitert Terje Torkildsen og Roald Kaldestad på at nynorsklitteraturen er for seriøs, og at vi treng meir humor og action. Er dette ein påstand du er samd i?

– Eg trur nynorsken funkar veldig godt i krim og spenning, fordi det er eit aktivt språk med mindre substantivering. Mange seier nynorsk er så vakkert i poesi, då blir eg litt irritert. Nynorsk funkar veldig godt til drap og mord også, haha! Du kan vera hard, brutal og direkte med nynorsken.

– Og så veit eg ikkje om det alltid er så stor avstand mellom alvor og humor, eigentleg. Eg trur det ligg der i språket i seg sjølv, i den vestnorske og nynorske tonen, men eg trur det er ulikt korleis dette blir oppfatta rundt omkring her til lands.

– Har vi kanskje ein høna-og-egget-situasjon? Dersom det stemmer at nynorsklitteratur er for seriøs og høgverdig, samstundes som krim på nynorsk sel mykje dårlegare enn den på bokmål – kva er forklaringa

“ **Eg har ikkje eit religiøst forhold til nynorsk, men det er språket mitt. Eg skriv dårlegare om eg ikkje skriv på nynorsk.** ”







**ÅSTAD:** Stegelholmen ser fin og grøn ut, men var ein gong åstad for grufulle avrettingar. Stegelholmen ligg ikkje langt frå der Laura Djupvik voks opp.

Foto: Hildebjørg Djupvik



**KRIM-POTENSIAL:** - Forteljingane som er rotfesta i det nynorske språket er ganske folkelege. Det er ingen grunn til at ein ikkje skal ha folkeleg litteratur på nynorsk, og krimlitteraturen er også ein meir kommersiell sjanger, seier Laura Djupvik.

Foto: Hildebjørg Djupvik

og løysinga på dette? Korleis kan ein gjera nynorsk populærlitteratur meir salbar, og med det riva ned inntrykket nokon har om at nynorskklitteraturen er for alvorleg?

- Det er kanskje den kulturelle historia omkring nynorsken og språkstriden. Når ein skal skriva nynorsk har du allereie teke kampen for å få skriva nynorsk, og då må det bli seriøst, ein må visa at det er minst like bra som bokmåslitteraturen. Kanskje vi lir litt under dette, vi nynorskforfattarar?

- Eg synest likevel det er litt rart, for eg føler forteljingane som er rotfesta i det nynorske språket er ganske folkelege. Det er ingen grunn til at ein ikkje skal ha folkeleg litteratur på nynorsk, og krimlitteraturen er også ein meir kommersiell sjanger. Eg trur kanskje høna her er kulturelle og historiske fordommar, og så er bokmarknaden og ideen om det kommersielle egget. Desse faktorene forsterkar og påverkar kvarandre, reproduserer seg sjølve.

### Bokmål er ikkje meg

- Du har jamt over fått svært gode meldingar på bøkene dine. Opplever du at du har hatt særskilde utfordringar med å skriva på nynorsk? Har du vore redd for at det at du skriv på nynorsk går ut over sals-tala dine?

- Ein kan tenke at «fordi eg skriv nynorsk er det ingen som vil lesa meg», men ein må kanskje vera litt skamlaus. Eg har alltid synest det er skummelt å gå ut og treffa folk og presentera bøkene mine, men eg likar det også, eg har kanskje vore for passiv før. Forlagsbransjen slit og har mykje mindre kapasitet enn før. Eg skal innrømme eg av og til har tenkt eg heller skulle budd ein plass på Vestlandet, der alle brukte nynorsk og det ikkje var ein kamp å halda på nynorsken, eg bur jo i eit tungt bokmålsområde no, men

det er ikkje sikkert det hadde vore noko annleis.

- Så du vil ikkje skriva på bokmål om det betra salstala dine?

- Eg har ikkje eit religiøst forhold til nynorsk, men det er språket mitt. Eg skriv dårlegare om eg ikkje skriv på nynorsk. Nynorsk er knytt til plassen eg kjem frå. Teknisk sett kan eg skriva bokmål, men det er ikkje meg, det er ei heilt anna røyst og eg tenkjer på ein heilt annan måte om eg skriv bokmål. Det stemmer nok ikkje at all krim på bokmål sel fantastisk bra heller, slik er det nok ikkje.

### Oppføljar

Djupvik kan allereie no avsløra at den neste boka hennar er ein frittstående oppføljar til *Nattbarnet*, i tillegg jobbar om med ei omsetjing av Shirley Jacksons skrekkroman *We Have Always Lived in the Castle*.

- Eg kjem til å prøva meg på ein oppføljar til *Nattbarnet*, der eg let meg inspirera meir av det gotiske. Det nynorske og det folkelege og det gotiske høyrer eigentleg saman, slik eg ser det.

Ho utdjuvar:

- Då slektningane mine snakka om nokon, ante eg som barn ikkje om dei snakka om levande eller døde personar, det gjekk over hovudet på meg. Dei prata både om Noreg her og no og om historiske hendingar, krigen til dømes. På eit vis snakka dei om notida samstundes som om det var som at dei let som at den moderne verda her og no ikkje fanst. Liv og død, fortid og notid glei over i kvarandre. Der har ein eit døme på ein typisk gotisk kontrast, og det går rett inn i spørsmål som: kva er ekte og ikkje, kva er tru og overtru, kva er sanning og kva er lygn? I det heile eit syn på sjølve røyndommen og ytterkanten av tilveret som kan vera spennande å utforska vidare.

## Hardanger Bygdeysteri fekk målpris

**Ingunn Hildonen Teigland** i Kvam Mållag delte ut prisen til **Torgeir Kristian Børve** under Siderfestivalen i Øystese. Han fekk bilete av Ivar Aasen og eit Jon Fosse-miljønett.

Dei fekk prisen for å bruka god nynorsk aktivt i marknadsføring av produkta i reklamemateriell, i oppskrifter og på heimesida. Juryen meiner at Hardanger Bygdeysteri nyttar godt, rett og rett fram språk.

Bedrifta oppsummerer seg sjølv med god ost, glade bønder og nøgde kyr, ifylgje heimesida.

– Det er veldig kjekt å få ein sånn pris. Det viser at ein ikkje treng bokmål for å gjera det godt. Me er opptekne av å halda på nynorsken og synest at det fremjer vår identitet som lokal bedrift, sa Børve til *Hardanger Folkeblad*.

Han lova at ysteriet skal halda fram med å bruka nynorsk

## Allsongkveld på biblioteket i Vang

Torsdag 2. oktober inviterte **Vangskoret** og **Vang Mållag** til allsongkveld på biblioteket i Vang. Hensikta med kvelden var å vise kva songen gjer med oss som menneske. Songen bidrar til sosialt samvær, samværskjensle, glede og tek oss ut av alle krav og forplikningar me dagleg kjenner på.

Nynorske songar var prioriterte både i allsong og kor-song.

Dirigert i Vangskoret, **Elvira Rud**, spelte fleire kjenslevare og fine pianostykke til stor applaus.

**Anne Lajord Belsheim** las eit dikt av **Sølvi Havro**: «Ser du livet?»

Eit dikt til ettertanke. Kvelden viser at det å synge, også i kor, koma saman ein gong i veka, er sosialt, inkluderande og gir livet endå meir mening. Meld deg inn i eit av kora våre du og, då får du dette bekrefte.

Kvelden gjev inspirasjon til ny allsong-kveld til våren.

## Nynorsk gudsteneste i Fredrikstad

Søndag 12. oktober var det ei storstilt feiring av 100 års-jubileet for **Nynorsk Salmebok** i Fredrikstad domkirke. Arrangementet var eit samarbeid mellom Fredrikstad domkirke, Fredrikstad Mållag og kyrkjemusikkfestivalen i Fredrikstad.

Salmeboka var eit viktig bidrag for å styrke nynorsk som bruksspråk i kyrkje og samfunn. Gudstenesta 12. oktober hadde nynorsk liturgi og nynorske salmar.

Det var kor-song ved Borg vokal og solosang av **Ine Hoem**, som song salmane til **Edvard Hoem**. Domprost **Hege Fagermoen** og sokneprest **Endre Fyllingsnes** er liturgar, og domkantorane **Tore Erik Mohn** og **Dan Rene Dahl** leia det musikkalske.


## 25. oktober var det salmejubileum i Meland kyrkje.

Det var både fagleg diskusjon om den norske salmen, og salmekveld og konsert i kyrkja.

I år er det 100 år sidan den første nynorske salmeboka kom ut, dette hadde **Meland Mållag** lyst til å ære med eit lite opplegg. Opplegget var eit samarbeid mellom Meland Mållag og **Meland kyrkje**.

I førti år har det lagt ein liten bunke med nynorske salmebok i fred, i kyrkja, sjølv om salmeboka gjekk ut av bruk.

Salmevelden består av fellessong, solosong, og opplesing, samen med dette blir det fortalt



## Stort oppmøte på lanseringa av dialektboka På Halling

Det var nærmare 70 oppmøtte på Kulturhuset i Ål den 23. oktober i høve lanseringa av dialektboka *På Halling*. Det var song ved barnekoret Kvedarrekrutten og føredrag om bokprosjektet ved redaktør **Aud Søyland**.

**Olav Randen** heldt innleiing om hallingdialekta og framtida. **Mari Kaslegard**, skripar i Målungdommen, hadde samtale med to ungdommar som kvart år deltek på Dialektleiren i Hallingdal.

Boka *På halling* er eit tingingsverk og er gjeve ut på Kvitvella Forlag. Tidlegare har dei mellom anna gjeve ut boka *Dialekt av hjartans lyst* om valdresdialekta. Vonleg vil boka tene som eit viktig utgangspunkt for å styrkja dialektane i Hallingdal. Mållaget uttrykte von om at boka blei teke i bruk i skulane, i kommunen og av næringslivet i regionen.

Vi gratulerer med svært vellukka lansering!

korte historiske innblikk ifrå **Per Halse** frå Høgskulen i Volda.

Solistar var **Maria Sæle** og **Solveig Westermoen**. **Mari-Anne Fosse Dalland** var opplesar, **Lise Herland** spela obo og kyrkjemusikar **Mag-nus Blom** på orgel og piano. Musikalsk ansvarleg for salmekvelden var nemnde Blom.

## Nynorsk-helg i Tromsø!

2.–5. oktober var det nynorsk på nordnorsk på fleire arenaer i Tromsø. Saman med ei rekkje andre aktørar skipa Tromsø Mållag til kulturhistorisk byvandring, salmekveld og nynorsk gudsteneste, med varierte dykk ned i nordnorsk og nynorsk målreisingshistorie.

Kva har diktarane, politikarane og språkfor-kjemparane **Elias Blix**, **Ivar Aasen**, **Aasmund O. Vinje**, **Halvdan Koht** og **Lars Berg** til felles? Jo, dei kan alle fylle ut Tromsøns nynorske kulturhistorie! Under Tromsø kulturnatt fredag 3. oktober møtte ein stor flokk med byvandrarar dei gjen-nom ord og tonar, på dei historiske adressene dei hadde tilknytning til i Tromsø.

Også 100-årsjubileet for Nynorsk salmebok vart feira denne oktoberhelga i Elverhøy kyrkje, med salmekveld torsdag 2. og nynorsk høgmesse søndag 5. Elias Blix- biograf, historikar, teolog og leiar i Norsk hymnologisk forening, **Anders Aschim**, heldt preika søndag, og i samtale med religionspedagog **Ragnhild Strauman**, leiar ved KUN/VID vitskaplege høgskole og historikar og leiar i Tromsø Mållag, **Sigrun Høgetveit Berg**, vart Nynorsk salmebok, salmedikting, salmespråk og omsetjing sett inn i eit nordnorsk fleirspråkleg landskap. Det heile vart ramma inn av MYKJE salmesong.

## Telemark Mållag sin målpris til lokal forfattar

Forfattaren **Helga Songøygard Battin** frå Mo har delteke på Skrivekunstakademiet i Bergen og gått på forfattarstudiet i Bø.

Ho har gitt ut to bøker, *Rosehagtornen* i 2020 og *Terskel* i 2025. Begge bøkene kom ut på Det Norske Samlaget.

Leiar i Telemark Mållag, **Einar Søreide**, delte ut prisen under Telemark Mållag sitt haustseminar i Seljord. I grunngevinga for prisutdelinga står det at Battin skildrar kvardagslivet i bygda, at ho

er glad i bygdelivet, planter, kjæledyr, kjærleik og ikkje minst viljen til å stå opp for seg sjølv.

Mållaget legg vekt på at Helga skriv trygt og sikkert på god nynorsk og fører eit naturleg språk lokalisert til Vest-Telemark. Dei gler seg over at det nå er fleire unge nynorskbrukarar med tilknytning til Vest-Telemark som gir ut bøker.

– Skal nynorsk gro, må det òg bli brukt i levande litteratur, sa Søreide før han delte ut prisen.



Prisvinnar forfattar **Helga Songøygard Battin** og leiar i Telemark Mållag, **Einar Søreide**. Foto: Johs Apold

## Målpris til avisa Hallingdølen

På Kulturhuset i Ål 23. oktober fekk avisa *Hallingdølen* tildelt Målprisen av **Ål og Hol Mållag** og **Gol Mållag**.

Avisa er ein særskild viktig kulturberar i Hallingdal gjennom medviten nynorskbruk, og ho støttar slik opp om hallingdialekta. Prisen er til oppmuntring om å halde fram som avisa stevner både med språk og innhald.

Redaktør i *Hallingdølen*, **Lillian Holden**, **Olav Johannes Bøthun** og **Tone Merethe Tho** tok i mot prisen på vegner av *Hallingdølen*.

# Nynorsk redaktørpris til Lillehammer-redaktør

Ansvarleg redaktør og direktør **Tor Martin Kjelstad Hartviksen** i avisa *Gudbrandsdølen Dagingen* (GD) på Lillehammer er tildelt Nynorsk redaktørpris for 2025.

■ Det er Mediemållaget som deler ut prisen. Føremålet er å fremje språkleg leiarskap og heidre redaktørar som gjer ein ekstra innsats for nynorsk som mediespråk.

– Som for mange andre journalistar og redaktørar var interessa for språk ei viktig årsak til at eg enda opp i denne bransjen. Skriftspråket er i kontinuerleg utvikling, og det er naturleg at også språket i GD er det. Generelt skal vi ikkje vere for liberale eller offensive i språkutviklinga vår, men heller ikkje for konservative, seier Hartviksen i ein kommentar.

I Gudbrandsdølen Dagingen er det opp til dei enkelte journalistane å avgjere om dei vil skrive på nynorsk eller bokmål. Leiar i Mediemållaget Berit Rekve seier at det ikkje er sjølv sagt i alle mediehus.

– Hartviksen er tydeleg på at nynorsk er jamstilt med bokmål, og at saker på nynorsk også skal frontast på nynorsk i sosiale medium. Vi har også merka oss at han er kontant i forsvaret av



**FORSVARER NYNORSK:** Tom Martin Hartviksen har aldri skrive nynorsk som journalist eller redaktør. Likevel fekk han prisen for si tydelege haldning om at nynorsk er jamstilt med bokmål, og for korleis han forsvargar nynorsk skrivande journalistar når lesarar trugar med å seie opp abonnementet.

Foto: Erlend Blaaid Oldeide/GD

nynorsk skrivande journalistar når det kjem truslar om oppseiing av abonnement og ikkje avisa sluttar å skrive visse typar stoff på nynorsk, seier Rekve.

I juryen si grunngeving heiter det blant anna: «Hartviksens

språklege leiarskap er viktig for nynorsken generelt og presse-språket spesielt i Innlandet. Slik er han eit føredøme og ein tilretteleggjar for at alle lesarar får møte nynorsk. Det styrkjer òg det nynorske språket til born og unge,

både dei som har nynorsk som hovudmål og dei som har det som sidemål. Det er viktig i ein region der nynorsken er under press».

Prisen blei delt ut på Nynorsk Mediefest på Litteraturhuset i Oslo torsdag 23. oktober.

## Nynorsk næringslivspris 2025 til Kattnakken

Regntøyprodusenten frå Stord, grunnlagd av Silje Vatne Ermland i 2013, har halde små og store tørre i regnværet sidan starten. Verksemda har suksess og aukar stadig omsetninga. No får dei nynorsk næringslivspris for stadig nynorskbruk.

– Med nynorsk som språk på nettsider, merkelappar, i sosiale medium og annan kundekommunikasjon, viser Kattnakken fram korleis nynorsk språk kan kombinerast med suksess i næringslivet, seier juryleiar Monika Haanes Waagan.

Nynorsk er ein del av det flotte og ærlege uttrykket til Kattnakken. Nynorsk-

brukarar i heile landet vert stolte og glade av å sjå språket sitt i bruk på denne måten.

– Kattnakken, ved gründer, eigar og kreativ leiar Silje Vatne Ermland, fortener verkeleg heider og takk for å halde på nynorsk som marknadsføringsspråk, seier Monika Haanes Waagan.

Nynorsk næringslivspris er Noregs Mållag sin eigen næringslivspris. Prisen har blitt delt ut sidan 2006, og dagens prisvinnar er den 17. i rekka. Juryen har i år vore: Monika Haanes Waagan, juryleiar, Anne-Mette Hjelle, Liv Astrid Hesjedal og Jan Thormodsæter.


## Nynorskstipend til Kornelia Melsæter

**Kornelia Melsæter (biletet) får nynorskstipend for førestillinga «Det var ein gong eit språk».**

Tidlegare har ho turnert med denne til ungdomsskular i Ålesund, og no skal ho utvikla førestillinga vidare. Planen er å nå ut breiare til ungdomsskuleelevar i Oslo og på Austlandet.

– Med turnéen i Ålesund har nynorskstipend-vinnaren erfart korleis ein kan vekkja språkleg medvit, og førestillinga hennar skapar engasjement rundt språket si rolle i samfunnet, seier Live Havro Bjørnstad, nestleiar i Noregs Mållag.

– Difor er dette er eit godt prosjekt. Det er svært viktig for nye generasjonar ungdomsskuleelevar som skal ha nynorsk som sidemål, å få



læra om den norske språksituasjonen, og å forstå kvifor nynorsk er ein viktig del av samfunnet vårt, seier Live Havro Bjørnstad.

Førestillinga er spesielt tilpassa norskfaget, og stipendmottakaren brukar både kunnskap og humor for å gjera innhaldet relevant og tilgjengeleg. Kornelia Melsæter er

produsent for førestillinga, og med seg har ho Frida Snipsøy Holøs som medskodespelar.

Opplaget til Kornelia Melsæter er basert på undervisningsvideoen «Språkhistoria på 11 minutt!», utvikla av norsk lærar Magritt Jarlsdotter Grimstad. Dette er ein svært populær video som vert godt brukt i undervisninga på mange ungdomsskular over heile landet.

Nynorskstipenda frå Noregs Mållag er finansierte av Kulturdepartementet og vert delte ut kvart år. Eitt stipend skal gå til ein mann, eitt til ei kvinne og begge er på 50 000 kroner. Desse skal særleg gå til tiltak som løftar nynorsken på nye område, eller i område der det er lite nynorsk frå før.

# Nynorskstafetten var i år i det sørlege Rogaland.

Sidan 2013 har Norsk Målungdom og Noregs Mållag reist rundt i landet kring tre veker kvar haust for å samle og spreie kunnskap om nynorsk.

■ Nynorskstafetten er eit samarbeid med Noregs Mållag, lokallaga, Nynorsksenteret, Nynorsk bedriftsforum, Nynorsk kommunane (LNK) og Nynorsk kultursentrum.

Gjennom tre heile veker vert det snakka om nynorsk med ordførarar, kommunedirektørar, oppvekstsjefar, tilsette i barnehagar og på skular, på bibliotek og med lokalt næringsliv for å nemne nokre. På kvelden er det mållagsmøte med lokale mållag og kanskje kulturkveldar. Nynorsk bedriftsforum skipar til lunsjmøte med Linda Eide, og oppmodar og inspirerer lokalt næringsliv til å nytte nynorsk og bli nynorskbedrifter. LNK har mellom anna delteke på møte med kommuneleiinga og rektorar i fleire medlemskommunar – og skal òg bidra på inspirasjonssamlingar for lærarar og andre samlingar. I tillegg gjev Nynorsksenteret veldig viktige bidrag på fleire samlingar for barnehagetilsette og lærarar.

– For Mållaget er dette eit svært godt høve til å få snakka direkte med mange som er svært viktige for nynorsk skriftspråk i det daglege. Då er det avgjerande at kommunane ser kor viktige dei er for skriftspråket i lokalsamfunnet, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

Den fyrste haustveka var Nynorskstafett-bilen i Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand og Forsand. I veke to (10. til 14. november) var Nynorskstafetten i Stavanger, Sola, Sandnes, Gjesdal og Bjerkreim. Den siste veke (frå 17. til 21. november) var stafettbilen i jærkommunane Klepp, Hå og Time.



Nynorskforfattarane **Tharaniga Rajah** og **Monica Bjermeland** vil framheva dei populære og ofte utskjelte sjangrane fantasy, sci-fi og romantasy i podkasten «Fantastiske bøker». Målet er å opna opp litteraturen for fleire, i håp om å engasjera fleire i litteraturens verd.



## *Startar podkast om fantasy og sci-fi- litteratur mot lesekrisa*





MEMUND NOREKVÅL KNUDSEN  
 vemund.knudsen@nm.no

■ – Eg opplever at litteraturmiljøet har «Odd Nerdrumifisert» seg sjølv. Vårt prosjekt er å rive ned ideen om at berre klassisk litteratur er god litteratur, og lage eit ope rom for å diskutera litteratur breitt, seier Tharaniga Rajah.

Noko er rote i litteraturlandet Noreg. Barn og unge les markant mindre enn før. Universiteta átvarar om studentar som synest pensum er for langt, og at folk slit med å fullføra heile romanar. Forlaga kuttar årsverk, og marginane blir mindre. Men det er ikkje berre dei yngre generasjonane sin feil: vaksne les også mindre enn før.

Når vaksne les mindre enn før, kven er då dei til å fortelja dei unge at dei må lesa? I leselyststrategien til regjeringa finst det ikkje tiltak retta mot vaksne lesarar. Tharaniga og Monica gjev no eit bidrag for å snu utviklinga: i november lanserte dei ein podkast – «Fantastiske bøker» – der dei diskuterer «fantastisk litteratur».

– Kva meiner de med «fantastisk litteratur»?

– Vi har vår eigen veldig liberale definisjon. Alt som har eit element av «noko anna» enn det realistiske og røyndomsnære, noko mystisk eller magisk ved seg, tenkjer vi på som fantastisk litteratur. Skrekk, det gotiske eller science-fiction høyrer også til her, svarar dei.

“ **Kanskje er den fantastiske litteraturen er litt som poesien: det er mange som er redde for å ta i det fordi ein ikkje føler seg kompetent nok til å vurdera det.** ”



### Underkjend sjanger

Det blei med eitt tydeleg kvifor Tharaniga og Monica ville treffast i realfagsbygget på Blindern, og ikkje på humanistisk fakultet.

– Og så er det viktig å seia at fantastisk litteratur er eit paraplyomgrep. Det er mange sub-sjangrar, legg dei til.

Podkasten tek form som ein miniserie, der dei for kvar episode diskuterer 2–3 bøker innanfor eitt overordna tema. Ofte har dei med seg ein gjest. Dei les ei blanding av klassikarar og nyare litteratur, norsk og omsett litteratur. Hovudmotiveasjonen er å snakka fram bøker innanfor ein sjanger som ofte er

underkjend i litterære kretsar og blant kritikarar.

– Det blir skriva mykje meir fantastisk litteratur i Noreg og internasjonalt, og stadig fleire les det jo, mykje på grunn av tilrådingar frå folk på TikTok (populært kalla BookTok). Men kritikken utanfor TikTok heng ikkje med. Og der han finst, synest vi han ofte ikkje er god nok i den forstand at han blir ikkje diskutert på premissa til sjangrane, fortel Monica.

– Vi vil fylla ut eit tomrom i kritikken, dette er ein kritikarpodkast legg Tharaniga til. – Ein må sjølv sagt ikkje vera ekspert for å melda desse sjangrane, men vi vil spreia meir kunnskap. Eg trur kanskje den fantastiske



litteraturen er litt som poesien: det er mange som er redde for å ta i det fordi ein ikkje føler seg kompetent nok til å vurdere det.

#### Politisk og maktkritisk

Dei understrekar at dei har ambisjonar om å ha høg kvalitet, og at alt ein høyrer i podkasten skal vera laga av menneske og vera opphavsrettsbasert. Det blir ingen jingle laga av KI å høyra i «Fantastiske bøker».

– Kva er det med «fantastisk litteratur» som engasjerer dykk? Kvifor er sjangeren viktig å få fram?

– Det at fleire skriv sci-fi handlar om tida vi lever i, trur eg. Ein ting er at vi kanskje treng flukta, og kanskje

er det ein reaksjon på røyndomslitteraturen og realismen, fokuset på seg sjølv og individualismen, seier Monica.

– Det slår meg at tematikken i mykje sci-fi, til dømes, handlar om å bli kjent med det ukjende. Korleis kan ein bli kjend med det, kor godt kjent blir ein med det? Det er ofte djupt eksistensiell filosofisk, seier Monica.

Den fyrste sci-fi-boka er ofte rekna for å vera *Frankenstein* av britiske Mary Shelley, som kom i 1818. Sci-fi-litteraturen har lenge vore politisk og maktkritisk. Den moderne sci-fi-tradisjonen oppstod faktisk i Sovjetunionen, fortel Tharaniga.

**LITTERATUR FOR VÅR TID:** Monica og Tharaniga ser på populariteten til sci-fi- og fantasyromanar som ein respons på tida vi lever i: Vi treng både idear, draumar og ei forklaring på tida vi lever i, men også røyndomsflukt.

– Dei vestlege sci-fi-gigantane står på skuldrene til sovjetiske sci-fi-forfattarar. Då sensuren kom i Sovjetunionen, var det mange skjønnlitterære forfattarar som byrja å skriva sci-fi. Sensurkomiteen tok det ikkje like seriøst, så dei slapp igjennom ein del regimekritikk. Då vaks det fram ein heil sci-fi-tradisjon i litteraturen, fortel Tharaniga.

– Trur de at det er nokon samanheng mellom tida vi lever i no og det at sci-fi og fantasy er blitt meir stuereint igjen? Sist gong verda stod ovanfor store ideologiske og økonomiske omveltingar fekk vi surrealismen og dadaismen, og modernismen. Er det ein parallell her?

– Eg trur ikkje det er tilfeldig at dette oppstår etter vi har opplevd den største finanskrisa sidan depresjonen, svarar Tharaniga.

#### Generasjonsskifte

– Ursula le Guin sa jo at sci-fi handlar om verda vår no, at det er ein kritikk av verda vår no, svarar Monica. Margaret Atwood meiner sjølv ho ikkje driv med sci-fi, men spekulativ fiksjon. Ho spekulerer i vitskap og teknologi, altså røynda, og meiner det er ein forskjell der. Men kva står då på spel, spør Monica retorisk.

– Det er mange ting som står i fare: demokratiet, økonomien, økologien og naturen. I tillegg er vi heildigitaliserte, så eg trur det er ein reaksjon på alt dette, ei tilbaketrekking, legg ho til.

Tharaniga skyt inn:

– Alle skriv politisk! Vi snakkar ikkje nok om dette: ein reduserer ofte

“ **Då sensuren kom i Sovjetunionen, var det mange skjønnlitterære forfattarar som byrja å skriva sci-fi. Sensurkomiteen tok det ikkje like seriøst.** ”



dei som er eksplisitt politiske til å vera berre det, heller enn å sjå på dei som meiner dei *ikkje* er politiske. Ein fører jo politikk om ein ikkje protesterer.

Monica nikkar samd:

– Her er det eit generasjonsskifte på gang. Ein ser særleg unge kvinner i Skandinavia som no skriv eksplisitt politisk litteratur, og dei er ikkje flau over å gjera det.

Tharaniga: – Kunstnarar er jamt over meir opptekne av klima enn befolkninga elles. Det er kanskje ikkje rart at ein brukar desse sjan-grane for å gå inn i desse temaa. Økologi og natur er dei største temaa innanfor fantastisk litteratur. Ein skal leita lenge etter nokon som ikkje er opptekne av dette.

– *De seier noko av motivasjonen for å starta podkasten, er å fremja leselyst ved å ta populære sjan-grar på alvor ved å diskutera dei. De er openbert eldsjeler. Meiner de at det er eit politisk ansvar å syta for at folk les?*

Ingen av dei er i tvil:

– Absolutt! seier dei i kor.

– Eg synes det er kritikkverdig at politikarane ikkje gjer noko med leselyst for vaksne. Dei les jo mindre enn før, dei også. Den sjangeren vi les no fortel at det fyrste autoritære regime tek frå folk, er evna til å lesa og tenka, eller i alle fall at ein avgrensar utvalet av kva ein får lov å lesa. Lesekunne gjev kritisk tenking og sans. Det er potensielt kjempealvor-

leg for demokratiet at vi blir dårlege lesarar, seier Monica.

### Engasjerande og kreative

– Noreg var eit av landa der folk las mest aviser kvar dag, men no fell det dramatisk. Noreg er eit land der vi har hatt mange dyktige forfattarar, sjølv om vi er små. Vi fekk ein nobelprisvinnar for to år sidan, det er stort for eit så lite land. Vi skal vera stolte av dette, og vi burde bruka pengar på det vi er gode på, altså litteratur og lesing, seier Tharaniga.

– *Er de redde for at podkasten blir berre endå ei i mengda?*

– Vi er veldig klar over at vi i dag blir invaderte av inntrykk og meiningar, overalt, heile tida. Vi ser ironien i at vi vil invadere tankane til folk også, haha! Men vi håpar vi kan nå gjennom for å gje inspirasjon til å lesa, til å tenka og fantasera, kanskje trenas fantasien. Det treng vi mykje av framover. Vi treng ikkje dystopiar, vi treng utopiar, noko vi kan bruka for å hjelpe førestillings-evna vår til å forma og skapa det samfunnet vi vil ha, svarer Monica.

– Det er mange som er glade i å høyra på lyd, og mange som høyrer heller enn å lesa sjølve. Vi freistar å vera engasjerande og kreative når vi les tekstane og sjå etter nye ting. Vi håpar vi har eit unikt nok konsept til at dette blir lagt merke til, seier Tharaniga.

Dersom «Fantastiske bøker» blir ein suksess, har Monica og Tharaniga

## Monica Bjermeland

- Frå Vestnes.
- Jobbar som kommunikasjonsrådgjevar ved UiO.
- Er litteraturvitar frå UiO.
- Sit som vara i Nynorsk Kultursentrum
- Nynorskforfattar på Samlaget. Siste bok: *63 måtar å elske deg på*.

## Tharaniga Rajah:

- Frå Moi i Rogaland.
- Har studert asiatiske- og afrikanske studiar, samt lingvistikk.
- Er både forfattar og omsetjar på Samlaget.
- Skriv baksidespalta i *Norsk Tidend*.
- Har vore gjesteforelesar på Litterær gestaltning.

både håp og planar om at det blir ein ny sesong. Kva dei har planlagt, vil dei ikkje avsløra enno, men at det blir meir samtidig litteratur i neste sesong – det lovar dei.

# MEDMENNESKE

Premiere 17. januar på Hovudscenen



**OLAV** 150  
ÅR  
**DUUN**



# «FRYDEFULLE GRØSS FRÅ BOKBRANSJEN»<sup>NRK</sup>



KJØP  
BOKA HER



«Skrekkelig og gøy!»  
VG



«Smått genialt»  
BERGENS TIDENDE



«intens så det holder»  
BOK365



KJØP  
BOKA HER



Perfekt høytlesing for barn frå 6 år!

Samlaget.no



«GOD SOM GULL!»<sup>NRK</sup>



«EN NORSK EMIL I LØNNEBERGET!»<sup>VG</sup>




Samlaget



«Feelgood-Fosse med ein tvist»<sup>NRK</sup>



«Trollbind lesaren»  
BERGENS TIDENDE



«Vaim lyser opp i mørket»  
VG



«Finurlig trekantdrama»  
ADRESSEAVISEN



KJØP  
BOKA HER

## Det gløymde dialektarbeidet

■ 112 valde utsendingar møtte på Eidsvoll 10. april 1814. Dei, 57 embetsmenn, 13 kjøpmenn, 5 bruks- eller godseigarar og 37 bønder, skulle leggje lovgrunnlaget for eit sjølvstendig Noreg. Vel 6 veker brukte dei. Utan særleg tvil snakka dei fleste dansk eller dansk/norsk embetspråk. Men bønder og andre utan røter i embetsmannskulturen, brukte dei sine dialektar, prøvde dei å snakke som dei andre, eller heldt dei rett og slett munn fordi dei følte og kanskje fekk høyre at deira tale ikkje var eigna til så viktige tema? Me veit lite om det.

Det me veit, eller iallfall kan ane, er at i møte med det offentlege og folk ovanpå, i rettstvistar, i politikk, ved besøk hos lege og prest, følte folk frå det dialekttalende fleirtalet seg underlegne, og at mange i eliten såg det slik at dei lågt i samfunnet prata primitivt eller vulgært. Det me også kan ane, er at dette vart brukt til å halde folk nede. Samfunnets små kunne bli sette på plass, umyndiggjorde, med eit «Hva behager?» eller «De må snakke så folk forstår Dem».

Slik var det i Noreg, slik var det i dei fleste land, og slik er det framleis i mange land. Dei fleste i sentrale verv og stillingar gjekk over til å prate så likt dei ovanpå som dei var i stand til. Då nynorsk skriftmål kom, tok nokre til å prate og skrive nynorsk. Dei fleste som flytte til Oslo eller andre byar, tok i bruk bymål så langt dei evna. Det hemma dei, dei mista mykje av variasjonen og presisjonen i språket. Dei vart sekunda menneske.

På 1950- og 1960-talet byrja ei haldningsendring. Eg dreg fram eitt namn blant mange, husmannsson og fjørsrøktar Alf Prøysen. Med songar og stubbar på hedmarksmaal og lokal forteljetradisjon i botnen skapte han eit heilt univers av små og store menneske og små og store dyr, ofte med stridsspørsmål i samfunn og mellom menneske bakom. Han synta at dialekten var ei fullgod språkform. Etter han kom mange med dialektar; Vidar Sandbeck, Kirsten Langbo, Hans Rotmo, Arvid Hanssen og Arthur Arntzen, for å nemne nokre.

Sist på 1960-talet vart eg som skriv dette, student i Oslo og med i miljø der me heldt fast ved dialektane våre, same kva for bygd eller by me kom frå. Studentmållaget vart ein møteplass for mange av oss. Eldre målfolk reagerte. Me set pris på engasjementet, men nynorsken må talast om han skal få tilslutnad, så byt ut dialekten med nynorsk, sa dei. Nei, svara me, normert tale trengst kanskje i land med så store dialektskilnader at folk frå ulike landsdelar ikkje forstår kvarandre, som Tyskland og Italia, men i vårt land forstår østfoldingar, rogalendingar og finnmarkingar kvarandre, og då er dialektane det beste. Ikkje berre

### ordskifte

heime, men i undervisning og førelesingar, rettssalar, talarstolar, preikestolar og i radio og fjernsyn. Nynorsk skriftmål, som både de og me vil ha meir av, er liv laga berre dersom dialektane lever, sa me.

Våre synsmåtar slo gjennom, i målrørsla og etter kvart i Noreg. Dialektar vart det normale. Nokre avsnitt føre dette skreiv eg om umyndiggjering. Dialektbruken var det motsette, ei myndiggjering. Folk vart tryggare på seg og sitt. Om til dømes folk på Stortinget 50 år før følte seg pressa til å prate bokmålsnært, heldt dei fleste folkevalde no innlegg på eigen dialekt.

Eg har vore politisk engasjert heile vaksenlivet. Med mykje av det eg har vore og er oppteken av, har det gått så som så. Men med dette var eg med og endra Noreg. Då syttiåra var omme, var den offentlege og halvoffentlege samtalen ulik ti og hundre år før. Demokratiet var meir levande og med aktørar som kom ut av tagnad.

Når historikarane tek for seg siste halvdel av 1900-talet, vil dei sjå dette som ei viktig samfunnsendring, med Noreg i tet. Går dei det etter i saumane, vil dei også sjå at me dialektivrige målunddommar den tid – og dinest heile målrørsla – har noko av æra. Ikkje slik at me drog lasset åleine, langt ifrå. Men ulikt andre analyserte og argumenterte me, med samanheng og demokrati. Utan oss er det uvisst om dialektbruk hadde slått gjennom. Det ser me om me jamfører med grannelanda. I Sverige var det sosiale opprøret nedanfrå ikkje så ulikt vårt, og med dialektbrukande trubadurar og kårørar, men dominansen til standardpråk vart verande i fleire tiår og er framleis langt sterkare enn i vårt land. I Danmark var språkstandardiseringa så sterk at det meste av dialektskilnadene visna. No kan dei, som det heiter på dansk, berre begræde tabet.

Også i vårt land kunne det ha gått slik. Dialektgjennomslaget er etterkrigstidas viktigaste endring i norsk språk og målrørsla sin store siger. Det gjorde landet vårt til eit anna, og etter dei fleste sitt syn, betre land. Det gjorde demokratiet meir reelt.

To ting forundrar meg i dette. Det eine er at målrørsla så å seie ikkje oppsummerer sigeren, og det andre er at organisasjonen, med lokale unntak, no legg så lita vekt på dialektarbeidet. For Noreg vart eit dialektland i ei omverd der dialektar vart utvatna eller borte. Hjå oss blir dialektbruk framleis sett på som fornuftig framtidssval. Det gir oss ein smådriftsvinst, ein demokratisk styrke og ein konkurransefordel jamført med dei fleste språksamfunna. Men det krev kløkt og innsats om det skal bli verande slik.

Olav Randen

# Målprisen 2

På haustseminaret til Noregs Mållag på Nynorskens Hus laurdag 18. oktober, var det utdeling av **Målprisen 2025**. Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, delte ut prisen og heldt denne pristala:

■ Målprisen er Noregs Mållag sin høgst hengande pris, og har blitt delt ut sidan 2000. Målprisen går til folk og institusjonar som har gjort ein ekstra viktig innsats for nynorsken.

■ Det er styret i Noregs Mållag som avgjer kven som skal få prisen, og i år er vedtaket slik: Målprisen 2025 vert tildelt Ottar Grepstad – for eit livsverk med strategisk og kløktig arbeid for å styrkje nynorsk skriftkultur og institusjonsbygging.

■ Årets prisvinnar har arbeidd for nynorskbrukarane, og med nynorsken i nær sagt heile sitt yrkesaktive liv. Det er slik at vi trygt kan kalle det eit livsverk. Ottar Grepstad har søkt å skildre oss nynorskskrivande slik:

■ «Å vere nynorskbrukar inneber at viljen til språk til tider kan kjennast som ein sjettesans. Vi er i språket og språket er i oss. Somme av oss prøver å etablere distanse til det språket vi alltid har hatt, og greier det, for ei tid eller for all tid. Andre kjem til eit nytt språk og tek seg inn i det utanfrå, for all tid eller for ei tid.»

■ Ottar Grepstad har skrivne seg inn i nynorsken og han har brukt orda godt. Det er mange av oss som har forstått fortida eller tida vi lever betre, fordi han har formulert og dokumentert, og innimellom har han laga formuleringar som ingen andre formulerer.

■ Og han har funne fram tal, synt fram tala, og med det fått fram fakta om nynorsken som har gjeve meir innsikt. Alt dette har vore til gagn både for byråkratiet, politikken og målrørsla gjennom fleire tiår. Han har skrivne talar, innlegg, kronikkar, rapportar, bakgrunnsnotat, grunnlagsnotat, innspelsnotat, lobbynotat, saksframlegg, høyringssvar, essay, artiklar, sakprosa, *Nynorsk faktabok* i (minst) fire utgåver, *Viljen til språk*, jubileumboka til Noregs Mållag ved 100-årsjubileet til organisasjonen, *Draumen om målet* og *Historia om Ivar Aasen* (som kom til 200-årsdagen til Ivar Aasen i Språket 2013), i tillegg til mange, mange boktitlar gjen-

nom åra. Langt ifrå alt har vore om språk og språkpolitikk, av det meir ukjende kan vi nemne at han var i redaksjonen for utgjevinga *Lesebok 1994* som Nei til EU laga i samarbeid med Samlaget i framkant av folkerøystinga om EU. Det vart trykt 1,8 mill. bøker som vart delte ut til alle husstandar i Noreg.

■ Prisvinnaren har blitt kalla både ein norsk kulturadministrator og språkstrateg. Og han har nytta tida godt. Heilt i frå unge år har Ottar Grepstad delteke i samfunnsdebatten. Han var leiar i Unge Venstre frå 1975–76 og landsstyremedlem i Venstre frå 1976 til 1988.

■ (Litt for moro, så tek eg fram eit glimt frå denne perioden: På framsida i Arbeiderbladet i 1976 var det ein 8. mars-reportasje med bilete av parolen: “Mannen tilbake til hjemmet”.

■ Biletet heng på Oslo bymuseum, og ein av dei to som ber parolen, er nettopp Ottar Grepstad. Dei som kjenner Ottar, er nok ikkje overraske over at han allereie er på museum her i byen ... og dei lét seg vel heller ikkje overraske over at han stilte seg bak ein parole som trefte spikaren like godt i 1976 som i dag.)

■ Ottar Grepstad var redaktør av tidsskriftet *Syn og Segn* frå 1984 til 1988, og tilsett i Samlaget frå 1980 til 1994. Han hadde fleire leiande stillingar, fyrst som forlagsredaktør, så redaksjonssjef og seinare assisterande forlagssjef.

■ I 1998 tok han på seg eit kortare oppdrag for Noregs Mållag, som brått stod utan dagleg leiar. Eit oppdrag han tok på strak arm.

■ I 1999 vart Ottar Grepstad tilsett som direktør i Nynorsk kultursentrum, og var såleis den aller fyrste tilsette. Det er dette samfunnsoppdraget han har blitt mest kjent for.

■ I mars same året vart det liv på byggjeplassen i Aasentunet i Hovdebygda. Stortinget hadde vedteke at eit heilt nytt praktbygg skulle reisas i tunet.

# 2025 til Ottar Grepstad



**LIVSVERK:** Ottar Grepstad får Målprisen 2025 for eit livsverk med strategisk og kløktig arbeid for å styrkje nynorsk skriftkultur og institusjonsbygging.

2018, og han var også sentral i etableringa av forumet.

■ Nynorsk Forum er eit politisk organ som prioriterer dei viktigaste politiske sakene for desse institusjonane. I dette politisk-strategiske arbeidet var Ottar Grepstad svært viktig. Med politiske initiativ, formulering av krav og strategiar, med politiske kontakter, planar, arbeid opp imot statsbudsjetta og reviderte budsjett og felles arbeid opp imot styresmaktene for å få språkpolitikken på rett spor – og alltid med eit nytt initiativ i ermet. Det er langt ifrå slik at det berre har vore semje mellom nynorskaktørane, likevel har Nynorsk Forum og Ottar Grepstad vore til stades og teke debattane.

■ Ottar Grepstad var også frå 2005 til 2010 rådsmedlem i Norsk kulturråd. Frå 2006 til 2010 var han styremedlem i Språkrådet og frå 2010 til 2015 var han styreleiar.

■ I 2018 vart Ottar Grepstad pensjonist. Det året vart han slått til riddar av 1. klasse av Den kongelige norske St. Olavs orden for innsatsen han har gjort for nynorsk språk, litteratur og skriftkultur.

■ Som pensjonist er han framleis aktiv framfor tastaturet med nye bokprosjekt og nye initiativ. For få veker sidan kom den siste nye boka. Som Knut Hoem skreiv det i ei bokmelding for NRK i 2022: "Han vil vere bokfører i tradisjonen etter journalisten og forfatteren Aasmund Olavsson Vinje, som meinte det galdt å bokføre folkeliivet, slik at det var tilgjengeleg for ettertida."

■ Så kanskje kan vi ikkje eigentleg få fulltakke Ottar Grepstad godt nok – for pågangsmotet, for livsverket, for å vere ein språkstrateg, ein nynorsk institusjonsbyggjar og eit nynorsk kraftsentrum.

■ Styret i Noregs Mållag gjer eit forsøk på å takke, med å gje deg den gjevaste prisen Noregs Mållag deler ut. Det er difor ei ære å få slå fast:

■ Målprisen 2025 vert tildelt Ottar Grepstad!

■ Det flotte nye museumsbygget med plass til museumslokale, kafe, forsamlingsal og administrasjon var under oppføring.

Den nasjonale kulturinstitusjonen Ivar Aasen-tunet skulle bli eit moderne museum med svært vide dokumentasjons- og formidlingsoppgåver, og ein arena for viktige hendingar, tiltak og kunstopplevingar innanfor nynorsk skriftkultur.

■ I juni 2000 var den storhøg-tidlege opninga, og i løpet av året (som berre var eit halvt driftsår) hadde Aasentunet bortimot, og imponerende, 20 000 gjester.

■ I leiinga for det heile: Ottar Grepstad med ein stab på åtte fast tilsette som saman opna eit heilt nytt kapittel i saga til norsk målreising.

Som direktør for Nynorsk kultursentrum vart Ottar Grepstad ei eiga kraft for nynorsk skriftkultur og for nynorsk institusjonsbygging. Med han som direktør var det ikkje berre eit kultursentrum som vart etablert i Hovudebygda – det vart eit kraftsentrum.

■ Det var eit enormt stykke arbeid han sette i gang, og i den vidare opprøpsinga greier eg nok

ikkje å yte rettferd til dei svært mange arbeidstimate Ottar har ytt. Men la meg likevel forsøkje.

■ Det var museumsdrift i sjølve Aasentunet, Dei nynorske festspela, det var forskingsarbeid, rikhaldige og kunnskapsrike årstalar, informasjonsarbeid og kulturtilskipingar over heile landet. Eit profesjonelt og godt tilbod til barn og unge vart laga der Tunkatten Lurivar aldri var langt unna.

■ Det nynorske nettleksikonet Allkunne vart etablert i 2008. Dette vart drifta av Nynorsk kultursentrum heilt fram til Allkunne gjekk inn i Store norske leksikon.

■ I august 2010 signerte Nynorsk kultursentrum avtale med Olav H. Hauge-stiftinga om å utvikle, etablere og drive Olav H. Hauge-senteret i Ulvik. Senteret vart opna i 2014.

■ I 2013 var det 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd. Nynorsk kultursentrum fekk oppdraget av regjeringa å utvikle planane for eit nasjonalt språkkår. Dette vart eit svært innhaldsrikt år som markerte nynorsk skriftkultur på ein framifrå måte, der også fei-

ringa av språkmangfald stod heilt sentralt. Hovudarrangementet var på sjølvaste 200-årsdagen for Ivar Aasen, den 5. august, og var ei storslått feiring av mannen og verket.

■ Året etter, i 2014, signerte Vinje kommune og Nynorsk kultursentrum ein intensjonsavtale om å utvikle eit Vinje-senter for diktning, journalistikk og språkleg mangfald i ombygde Vinje skule. Den offisielle opninga av Vinje-senteret var i august 2021. Det er eit prosjekt der mange skal ha ære, men ordførar i Vinje kommune var tydeleg ved opningshøgtida at det ikkje hadde gått utan Ottar.

■ I dag står Nynorsk kultursentrum fjellstøtt med til saman tre senter i tre fylke, aktivitet i 77 kommunar, 39 000 besøkjande, solid økonomi og heile 28 fast tilsette, i tillegg til tunvertane. Arbeidet vert drive vidare, likevel vil dei 19 åra med Ottar Grepstad som direktør bli ståande som svært avgjerande.

■ I Nynorsk forum, som er samarbeidsorganet for nynorskorganisasjonar, var Ottar Grepstad sekretær alt frå starten i 1997 til

På landsmøtet i 2026 skal Noregs Mållag vedta nytt arbeidsprogram for 2026 til 2030. Utkastet vart lansert for medlemmer og lokallag på hausteminaret i Oslo den 18. oktober 2025. **Her er det du treng å vita.**

■ Utkast til arbeidsprogrammet ligg ute på heimesidene til Noregs Mållag. **Alle kan senda inn framlegg til partiprogrammet til [framlegg@nm.no](mailto:framlegg@nm.no)**, og fristen er 29. januar. Arbeidsprogrammet blir endeleg vedteke på landsmøtet i april 2026.

– Målrørsla må tenkja større mot ei utopisk nynorsk framtid i 2050. Vårt oppdrag har vore å skriva eit offensivt og uredde arbeidsprogram. Den overordna ideen har vore: tenk stort! fortel Live Havro Bjørnstad, leiar for programarbeidet og nestleiar i Noregs Mållag.

– Me har vore opptekne av å ha eit arbeidsprogram som er lett å bruka i praksis. Det skal vera eit arbeidsverktøy me kan bruka i organisasjonen, i lokallag, fylkeslag og sentralt. Me har freista å skriva slik at det er lett å lesa og lett å sjå dei konkrete forslaga våre, og at det er lett å slå opp i, forklarar Live.

### Frå Wales

Ideen bak «Noreg 2050» er henta frå Wales. Der har dei walisiske styresmaktane fått fleire titals millionar kroner til eit prosjekt der målet er at det skal vera ein million brukarar av walisisk innan 2050. I landet med 3,1 millionar innbyggjarar er det i dag cirka 500 000 som nyttar walisisk dagleg, og rundt 900 000 som kan snakka språket i ulik grad. Mengda brukarar er altså om lag som nynorsk, men landet har langt færre innbyggjarar enn Noreg.

– Me har plukka ut tre hovudfelt, som me har valt ikkje å nummerera fordi vi ikkje har tenkt det skal vera prioriteringar mellom dei, forklarar Live.

– Dei måla som er større og meir langsiktige, altså at dei peikar mot Noreg 2050, er markerte med stjerner i arbeidsprogrammet.

## Dei tre hovudsakene:

### Styrkja den nynorske grasrota

Å byggja og styrkja organisasjonen er noko av det viktigaste Noregs Mållag kan gjera for målsaka. Medlemsveksten dei siste åra syner at det finst ein brei vilje til å stå opp for språkleg mangfald og målsak, men veksten må også omsetjast til handling og aktivitet. Ein sterk organisasjon gjev tyngd i den offentlege debatten, kapasitet til å driva langsiktig påverknadsarbeid, og kraft til å mobilisera lokalt. Me skal vera ein sentral samfunnsaktør, og treng difor solide strukturar både sentralt, i fylka og lokalt. Det er folka bak nynorsken som løftar språket fram, og det er difor avgjerande å bruka tid og ressursar på å byggja eit Noregs Mållag som kan vera ein samlande, inspirerande og slagkraftig organisasjon.

### Nynorsk i ein digital kvardag

Teknologien formar både språket vårt og kvardagslivet vårt. Når meir og meir av samfunnslivet skjer på skjerm, må nynorsken ha ein naturleg plass i alt frå sosiale medium til offentlege tenester og kunstig intelligens. Å arbeida for nynorsk i digitale flater handlar om jamstilling, men òg om framtida til nynorsken i eit samfunn som stadig blir meir teknologiavhengig. Dette er noko av det viktigaste arbeidet for målrørsla i tida me er inne i. Eit sterkt digitalt nynorskknærver er ein føresetnad for at språket skal leva vidare til kommande generasjonar.

### Nynorskløft i opplæringa

Det er i opplæringa nye nynorskbrukarar kjem til, og det er også her mange fell frå. Arbeidet med å sikra nynorsk i opplæringa er avgjerande. Det er i opplæringsåra born og unge formar den språklege identiteten sin. Når elevar ikkje møter nynorsk, får for dårleg opplæring eller manglar læremiddel og ressursar på nynorsk, påverkar det forholdet eleven skal ha til språket resten av livet. Me må sikra at elevar får møta nynorsk i klasserommet, og at sidemålsordninga blir styrkt i åra framover.

## «Noreg 2050»-punkt

- krevja at det blir oppretta ei fast nynorskklasse sentralt i dei store bykommunane, utan minstekrav til elevtal
- arbeida for at det vert skapt eit statleg nynorskstipend til dei som vil publisera forskning på eller om nynorsk
- staten må utvikla eit eige skriveprogram til bruk i skulen
- stilla krav om at ein fjerdedel av tekstinga hjå strøymetenestene skal vera på nynorsk, slik at alle skal kunna lesa både bokmål og nynorsk i undertekstar på desse plattformene
- innføra at alle lærarstudentar skal ha nynorsk som arbeidsspråk på studiet, slik at minst halvparten av skriftlege arbeidskrav på lærar-utdanningane må leverast på nynorsk
- få i stand ei «Heile Noreg les nynorsk»-ordning, saman med Kulturdepartementet og/eller Kunnskapsdepartementet, der alle innbyggjarar får ei gratis nynorskbok ein gong i året
- oppretta eit språkpolitisk nettverk med brukarar av samiske språk, kvensk, teiknspråk og andre aktuelle





**SER TIL WALES:** Arbeidet med det nye arbeidsprogrammet er inspirert av Wales. Der har dei walisiske styresmaktane fått fleire tital millionar kroner til eit prosjekt der målet er at det skal vera ein million brukarar av walisisk innan 2050.:

## Andre felt:

### Forsking og høgare utdanning

Forsknings- og høgare utdannings-institusjonar er viktige premissleverandørar for storsamfunnet, og dei har eit lovfesta ansvar for å ta vare på og utvikla det norske fagspråket. Samstundes skal dei sikra studentane sine språkrettar. I dag bryt mange institusjonar språkreglane, svært få gradar vert skrivne på nynorsk, og tilbodet om opplæring er ofte mangelfullt. Skal nynorsk overleva og utviklast som akademisk språk, trengst det eit kraftig og målretta lyft. Det må vera mogleg å styrkja norsk fagspråk og driva god norsk formidling samtidig som ein driv internasjonalt arbeid.

### Kultur og medium

Kultur- og mediefeltet gjev liv til nynorsk språk. Når nynorsk vert brukt i musikk, på teater, i tidsskrift og aviser, på TV og i dataspel og i romanar og dikt, vert språket eit uttrykk for noko meir enn kommunikasjon.

I kommersielle samanhengar tapar ofte nynorsk mot fleirtalspråket. Difor er kvoteringstiltak og særskilde støtteordningar heilt naudsynte for nynorsk. Dei nyare kultur- og mediefelta har i for liten grad fått særskilde tiltak for å styrkja nynorsk språk. Difor er det også forsvinnande lite nynorsk i film og dataspel, og mangel på nynorsk omsetjing av internasjonal litteratur. Ein kan ikkje lena seg på språkpolitikk frå 70-talet, politikken må stilla krav til dagens aktørar.

### Samfunnsliv

Me skal ikkje redusera nynorsk til å vera eit språk ein berre møter i skulen, nynorsk skal vera eit bruksspråk i heile samfunnslivet. Difor er det avgjerande at lagsliv, næringsliv, trusamfunn og partane i arbeidslivet tek språkansvar og nyttar nynorsk systematisk. Når nynorsk har ein naturleg plass i kvardageni alt frå møte til marknadsføring, byggjer det opp statusen til nynorsk og gjer det lettare å ta i bruk språket for alle.

### Det offentlege Noreg

Språklova slår fast kva plikter og krav stat, kommune og fylke har til bruk av nynorsk. Det gjer at det offentlege er den einaste delen av samfunnet der nynorskbrukarar kan vera sikre på både å få møta språket sitt og ha rett til å bruka det. Staten har makt til å stilla krav til selskap og institusjonar, og til å skapa forventingar om reelt språkleg likeverd i heile samfunnet. Noregs Mållag må vera den som held staten ansvarleg og minner han om at nynorsk ikkje berre eit lovkrav, men at språket har ein eigenverdi og er viktig for demokratiet og den norske kulturarven.

- krevja at regjeringa oppnemner ein eigen språkminister
- arbeida for at Udir vert flytta nærare det nynorske kjerneområdet, t.d. Bergen
- be om ei ny språkmelding som kan følgja opp Stortingsmeldinga «Mål og meining» frå 2008



■ kviss • Audun Skjervøy

- 1 Kven var første leiaren i Noregs Mållag?
- 2 «Me hev ljos innvertes». Kven ropte dette etter at lyset gjekk på skipingsmøtet til Noregs Mållag?
- 3 Kven var første kvinna som blei leiar i Noregs Mållag?
- 4 Kva forfattar debuterte i 1982 med novellesamlinga *Fangeliv*?
- 5 Vónbjørt Vang er tildelt Nordisk råds litteraturpris i 2025 for diktsamlinga *Svært orkidé*. Kvar held ho til?
- 6 Kva tre dyregrupper har vi i Noreg som høyrer til dyreklassen amfibium?
- 7 På latin heiter eitt av rovdyra våre *gulo gulo*. Kva er det norske namnet?
- 8 I kva religion feirar dei truande lysfesten divali i oktober–november?
- 9 På kva kontinent finn vi den største isbreen i verda?
- 10 Kvar i verda heldt piktarane til?
- 11 Kvar er den nyvalde New York-ordføraren Zohran Mamdani fødd?
- 12 Under kva president verka visepresident Dick Cheney?
- 13 Kva kallar vietnamesarane sjølve *vietnamkrigen*?
- 14 Kva skildrar dei to musikkuttrykka *diminuendo* og *crescendo*?
- 15 Kva heiter dei to norske forskarane som fekk nobelprisen for å ha oppdaga cellene i hjernen som gir oss stadsans (ekstrapoeng viss du også kan namngi amerikanaren som delte prisen med dei to)?
- 16 Kva skapning framstiller figuren på panseret av Rolls Royce-bilane?
- 17 Under kva artistnamn er Harry Rodger Webb kjend?
- 18 Kor mange sjakkbrikker har kvar spelar når eit parti begynner?
- 19 Kva grunnstoff har namn etter sola?
- 20 Kva er den einaste «naturlege prosessen» som skaper grunnstoff tyngre enn jern i universet?



**NASJONALT:** Volda vidaregåande skule ønskjer å rekruttere elevar frå heile landet og styrkje nynorsk som framtidsspråk i media.

Foto: Volda vidaregåande skule

# Vil bli landslinje for medieutdanning

Volda vidaregåande skule jobbar for å få status som landslinje for utdanninga **medium og kommunikasjon**, med ein tydeleg nynorsk profil.

■ Dette går fram av ein korrespondanse mellom

Volda vidaregåande og Språkrådet, melder *Mørenytt*.

– Dette gjer vi blant anna for å gje nye generasjonar gode opplevingar knytte til nynorsk som framtidsspråk, skriv avdelingsleiar for utdanninga Medium og kommunikasjon, Jorid Vårdal, til Språkrådet.

– Språkrådet tykkjer at dette er eit veldig godt initiativ! Svara avdelingsdirektør Marianne Aasgaard.

Ei landslinje betyr at elevar frå heile Noreg kan søkje seg inn, ikkje berre i sitt eige nærområde. Det er Kunnskapsdepartementet som avgjer kva tilbod som får slik status. (©NPK)

# Rekordmange vil lære seg å bruke nynorsk på scene og film

Heile 61 skodespelarar ønskjer å ta etterutdanning i nynorsk og dialektar på **Teater Vestland**.

■ Det er knapt til å tru! Det strøymar på med søknader til Nynorsk scenespråksenter, skriversenteret i ei pressemelding.

– Det viser at vi fyller eit behov i bransjen. Nynorsk scenespråksenter er ei suksesshistorie frå dag éin, seier Synne Solberg, avdelingsleiar ved Nynorsk scenespråksenter, i pressemeldinga.

Søknadsfristen til vårkullet 2026 gjekk ut 27. oktober 2025, og pågangen har vore stor.



**SUKSESS:** Vi fyller eit behov i bransjen. Nynorsk scenespråksenter er ei suksesshistorie frå dag éin, seier Synne Solberg, avdelingsleiar ved Nynorsk scenespråksenter.

Foto: Teater Vestland

Profesjonelle skodespelarar frå heile landet har søkt seg til Førde og Nynorsk scenespråksenter ved Teater Vestland.

– Vi er svært nøgde med søkjartalet. Det viser at stadig fleire scenekunstnarar ønskjer å arbeide bevisst med nynorsk i sitt kunstnarlege uttrykk, seier avdelingsleiaren.

Nynorsk scenespråksenter held til i Førde og er eit nasjonalt senter for dialekt og nynorsk som scenespråk, som arbeider for å styrkje nynorsk som kunst- og scenespråk. Etterutdanninga tek inn to kull med fire skodespelarar kvar i året, og dei gjennomfører eit 14 veker langt kurs i dialekt- og språkovergang.

SVAR  
1 Marius Hægstad (1906-1909)  
2 Anders Hovden  
3 Maria Høgetveit Berg (1981-1984)  
4 Roy Jacobsen  
5 Færøyane  
6 Froskar, paddar og salamandarar  
7 Jern  
8 hinduismen  
9 ! Antarktis, Lamberttreen, 400 km lang og 100 km brei  
10 i Skottland  
11 i Uganada  
12 George W. Bush (2001-2009)  
13 «den amerikanske krigen»  
14 minikande (diminuendo, også decrec-  
cendo) og aukande (crescendo) i lydstryke  
15 May-Britt Moser, Edvard Moser (og John O'Keefe)  
16 ei kvinne; figuren blir kalla «spirit of Ecstasy»  
17 Cliff Richard  
18 16  
19 heilium – etter det greske ordet for sol:  
helios  
20 supernovaeeksplonasjonar

**Kryssord nr 4 • 2025** · Einar Søreide

ÅRETS NYORD I 2016	KJØKENHAGE 500	RASRAMMA BYGD	KAKEPYNT	OVERSYN HERJA	SPELAR	TEMA	TEVLINGA SØKK	GULL MALM	FESTAR	FUGL	PRON. MANN	HETTE	REIN-SPIKKA
ORD-TAK													
SNOR				ALARM-EN SKILJA									
PARTI													
INSEKT							KVASSE PREST				BYGN. VURDERINGA		
					ART. OMVEG			YMTA FRAMPÅ		SELEN DR.ARR.			HAND-FLATA
GEOM. FIGUR				STØYE RABLAR				PLAN-TEN	SANNE SKUR				
ARVESTOFF SØLV			AV-GRUNN RASE			MIDT-LINJE				NABOAR EUR. ELV		PREP. INDIUM	
LOVNAD													
ØSAR						KONVER-SERE				STRÅA RELING			
SPERRE							KLOVN KLASSE		HESTE-NAMN				
MAT						FOR-NYAR						UNEMND VÅPEN	
PÅ FLY (BAKV.)			KISTA PÅ-DRIVAR				TAL MARIT EIKEMO-BY		FARGE SPENN-INGA				INN-SIKT
NABOAR													
BAK						STAKK-AREN FØRER				RÅD-LØYSA STERILE			
						FESTE KVINNE						KVART SNEIS	
HUSDYR							DOKTER FISK		HIST. STAD LIKE			MISTER FOT-FESTET	
RIST													
KVINNE		FISK FØR AMT					TIDL NM-LEIAR SKULDE				PREST		
TIDL. KOMM. LIKE						STRØ UT RETNING		OL-BY MANN			BUKT FORB. PLANTE-GIFT		
						TO NAT-RIUM		LIKE FLÅTE		PREP. KVINNE		CA 14 DAGAR MANN	
										LEVER	TREKK NEON		RET-NING
ÅRETS NYORD I 2008		MARIT EIKEMO-ROMAN											NABOAR
UNGE					LIKE		FELLE						GARN

**løysing** · Nr. 3 - 2025

ORD-TAK	STAND	REISE	ER	SABE	MANN	BYGGE	HOVAUD	PLASS	AV	PER	REIN	RYKKE
VEG	ARBEID	REISE	ER	MANN	BYGGE	HOVAUD	PLASS	AV	PER	REIN	RYKKE	STILLE
U	N	D	E	R	L	A	G	S	D	O	K	U
N	O	R	D	L	A	N	D	S	J	E	K	T
G	R	A	D	E	R	T	E	N	O	K	S	T
L	E	M	E	G	S	A	R	L	E	V	N	A
F	E	T	R	E	G	L	E	I	D	N	I	N
O	R	R	E	M	O	B	I	L	L	I	K	E
L	E	I	G	S	N	Ø	V	L	E	A	R	O
B	A	R	M	E	N	I	R	U	K	R	A	G
R	N	I	K	S	R	E	E	L	R	A	K	A
G	L	O	F	A	T	U	N	G	A	R	D	A
K	J	E	L	L	S	N	E	R	T	E	K	U
L	E	R	E	T	N	A	R	A	T	E	N	I
A	R	T	R	P	E	R	U	E	I	P	P	
K	R	O	K	E	T	E	F	O	R	E	R	T
S	K	J	E	L	V	R	S	A	A	R	O	N
J	R	A	K	V	E	G	A	R	T	I	L	H
J	A	K	K	N	O	V	A	E	N	O	R	A
K	A	R	M	L	E	V	I	P	R	E	S	I
K	R	Y	M	P	L	A	S	J	O	N	Y	M

**Vinnarar av kryssord nr. 3, 2025:**

- Sigrid Seim Halse, Mo i Rana
- Ellen Kristin Karlsen Dahl, Fauske
- Ingrid Søyland, Vassenden

**Send løysinga til:**

Noregs Mållag  
Dronningens gate 22  
0154 Oslo

**eller e-post:**

norsk.tidend@nm.no

Heile kryssordet må sendast inn.

**Frist:** 9. februar, 2026

Merk sendinga «Kryssord».

Rett løysing kjem i neste utgåve.  
Tre vinnarar vert trekte ut og får ein fin premie.

**Namn:** \_\_\_\_\_

**Adresse:** \_\_\_\_\_

**Postnummer/-stad:** \_\_\_\_\_



## Der du føler deg heime

Vi trur ein god bank handlar om meir enn tal, appar og digitale løysingar. **Det handlar om folk.** Om rådgjevarar som kjenner deg, som veit kor du kjem frå og som hjelper deg trygt vidare når du treng det mest.

**Mats er ein av mange lokale rådgjevarar hos oss.**

Han er her for å gi deg gode råd, skape økonomisk tryggleik og vere ein støttespelar for folk i heile Norge.

Kontakt Mats, eller ein av dei andre rådgjevarane våre i den kanalen du føler deg heime.

[ssf.no](https://ssf.no)

**SpareBank**   
SOGN OG FJORDANE





**MOTVEKT:** Styret i det nyoppskapa målungdomslaget på Jæren ønskjer å vere ei motvekt til den aukande standardiseringa av talemålet i Rogaland. Her er leiar Andreas Dyrøy, nestleiar Jesper Gilje, styremedlem Peder Andreassen, styremedlem Martin Vistvik, Sigurd Thomsen, Josef Egeland og Jonathan Løvdås.

## Halleluja, dei er oppstandne

Dei vaksne prøver å kapre ungdommen gjennom TikTok og importerte trendar. No skal **salmesong** redde den unge nynorskbruken på Jæren.

MARI KASLEGARD  
mari@malungdom.no

■ Frå elevmållaga i Rogaland har det vore radiostille sidan pandemien. Tidlegare har det funnest lokallag på Katedralskolen i Stavanger og Vågen vgs. i Sandnes, men då meldinga om å ta opp att nynorskkampen på Jæren tikka inn, var det frå nokre elevar på internatskulen Tryggheim.

– Eg sat på bussen på veg heim frå Stavanger då eg plutselig kom over ein videosnutt frå Noregs Mållag på Instagram, fortel dirdølen Jesper Gilje (17).

Han vart umiddelbart inspirert, og tok kontakt med kompisen Andreas Dyrøy (17) for å starte noko. Fire dagar seinare var lokallaget Jæren Målungdom offisielt skipa.

### Sjølvsagt nynorsk

Styret i det nyoppskapa lokallaget går på ein nynorsk skule, men opplever likevel at nynorsken vert snakka ned.

– Mange på skulen, ofte dei som kjem frå lenger nord på Jæren, synest nynorsk er veldig vanskeleg og misliker det sterkt, seier den nyvalde leiaren Dyrøy.

Sjølvsagt kjem han frå Kvinlog og har skrivne nynorsk heile livet.

– Det har alltid vore sjølvsagt. Nynorsk er det mest brukte skriftspråket på Jæren, og ligg tett opp mot talemålet mitt.

### Motvekt til siddisen

Dyrøy trur også at variasjonen i geografisk tilhørslse kan vera til fordel for elevmållaget.

– Når me har så mange forskjellige dialektar på skulen, er det lettare å skjønne korfor det er viktig med mangfald.

Nestleiareren hans ser likevel ein urovekkande trend i språkutviklinga i regionen.

– Dei siste åra har me sett at bokmålet og dialekta i Stavanger breier om seg til fleire delar av Jæren, seier Gilje og fortset:

– Me ønskjer å vera ei motvekt til den aukande standardiseringa av talemålet i Rogaland, seier Gilje.

### Eit annleis lokallag

Tryggheim er ein kristen internatskule, og målgruppa til lokallaget blir dermed bestående av mykje kristen ungdom.

– Derfor vil me for eksempel fokusere ekstra på nynorske salmar, seier Gilje.

Engasjementet til dei to initiativtakarane handlar om å vise at nynorsk og dialekt er ein viktig del av identiteten deira.

– Før eg hørte om Målungdommen, visste eg ikkje heilt korleis eg kunne vera med og bidra, fortel Dyrhaug.

Og bidrege, det har dei. Jæren MU deltok på landsstyremøtet med fem innsende fråsegner, berre eit par veker etter at styret var slengt i hop.

Mens dei andre sat og spelte Ligretto, stod jærbuane i telefonen og verva *back-to-back*.

– Me håpar å også få rekruttert dei som ikkje er så engasjerte i saka frå før, avsluttar han.

## ■ leiarspalta



SEBASTIAN VINSENT NATVIK  
Leiar i Norsk Målungdom

## Nei til Pippi Langstrømpe på norsk!

■ FrP-politikar Tor André Johnsen har gått hardt ut i Nordisk råd og på Dagsnytt 18 mot dubbing av skandinaviske TV-seriar for born. På førre landsstyremøte i NMU vart det vedteke ei fråsegn om å støtte desse utspela.

■ Språk er identitet, og det er ein umisteleg føresetnad for den tette kulturelle fellesskapen mellom Noreg, Sverige og Danmark at vi kan snakke vårt eige morsmål til kvarandre og bli forstått når vi møtest. No ser me at nabospråksforståinga ikkje er noko som kjem fullstendig av seg sjølv.

■ Det Johnsen og fleire andre har byrja å leggje merke til, er at den framtida der ein nordmann i Danmark eller Sverige blir møtt med «English please?» når hen snakkar norsk, står og bankar på døra vår allereie no. Det vert heilt kunstig når Emil i Lønneberget snakkar norsk. Om svensk, som er så likt norsk, er vanskeleg nok å forstå til at norske barn ikkje kan forventast å forstå det, kva blir da den logiske følgja av dette?

■ Dubbing er eit aktivt val, mens å ikkje dubbe inneber å ikkje forandre noko. Derfor er det heilt absurd at det skal investerast i dubbing frå svensk til norsk, for det har berre negative kulturelle konsekvensar. Viss vi går tilbake til å sende svensk på norsk tv for ungane, sparar vi både desse pengane og bidrar til å snu ein negativ trend. Dette problemet må også diskutast med Sverige og Danmark, for av desse tre landa er det framleis nordmenn som er dei flinkaste på å forstå nabospråka sine.

■ Det opplevast som friskt å høyre ein politikar frå Framstegspartiet snakke fram språkleg mangfald og språkpolitiske meiningar som har støtte i forskning. Eg vonar at FrP også vil sjå samanhengen mellom denne saka og andre språkpolitiske saker i Noreg. Til dømes er sidemålsordninga i skulen viktig å ta vare på nett av dei same grunnane til at norske ungar faktisk treng å møte svensk og dansk på TV.



**DET EINASTE:** Jon Fosse har skrivne eitt einaste filmmanus – og det er no under innspeling og vil bli å sjå på kinolerretet i 2026. Foto: Ole Berg-Rusten / NTB / NPK

## Poppe om Jon Fosse-filmen:

# – Attkjennande, men opnare og meir inviterande

«Ei sår og sterk historie om kjærleik og sterk lengsel», heiter det om Jon Fosse sitt **einaste filmmanus**, som no er under innspeling.

GITTE JOHANNESSEN  
NPK-NTB

■ Den førebels namnlause kino-filmen er basert på det einaste originalskrivne spelefilmmanuset til nobelprisvinnaren. Det er som kjent den prisvinnande regissøren Erik Poppe som tek hand om å få han opp på kinolerretet til neste år.

Innspelinga er i gang – ifølgje pressemeldinga «i eit slåande vestlandslandskap» på Stadlandet og i Hardanger, som Poppe kallar «ein karakter i seg sjølv».

### Vart overraska

Fosse stiller i handlinga spørsmål om kor mykje avstand kjærleiken toler. Hovudpersonar er Asle, spelt av Leo de la Nuez, og Gerd, spelt av Kristi-Helene Engberg, som møtest i ein liten kystby og får ein son.

Men sjømannen Asle blir trekt vekk av havet og rastløysa, medan Gerd blir igjen i bygda – åleine med barnet.

– Eg vart overraska då eg las Jon sitt manus for første gong. Det er attkjenneleg Fosse i kvar

line, men samtidig opnare og meir inviterande enn delar av dramatikken hans, seier regissør Erik Poppe.

### Utfordrande

Utfordringa hans som filmskapar blir ifølgje eige utsegn å formidla det usagde når språket gradvis stansar mellom menneske som står kvarandre nær.

– For meg er dette ei kunstnarisk undersøking som utfordrar meg meir enn på lenge, seier Poppe, som skryt av dei to hovudrollenehavarane. Dei er relativt ukjende namn for folk flest, men han beskriv dei som «enorme talent».

– Gjennom deira kjenslevare, men kloke tilnærming overfor Jon Fosse sitt blikk på verda får dei fram ein naturleg rytme og dialogar som kan introdusera Fosse sin dramatik for endå fleire der ute, trur han.

### – Attkjennande

Produsent Finn Gjerdrum i filmselskapet Paradox hadde sjølv ein far som var sjømann, og kjenner seg igjen i skildringa til manuset av «saknet, ventinga og dei korte, intense stundene når han var heime».

– Historia handlar ikkje berre om avstand og einsemd, men om korleis me lever med dei – og korleis kjærleiken kan overleva i mellomromma. Eg trur filmen vil påverka djupt, på ein måte som både er tidlaus og universell, seier Gjerdrum i ei fråsegn. (©NPK)

Spelte inn scener til Fosse-filmen på h

# – Her byrj

Ein sjømann og hans høggravide kone på hamna. Han skal reisa vekk i tre månader. Det er ei av nøkkelsenene i den kommande **Jon Fosse-filmen**.

NPK-NTB-TT

■ Regissør Erik Poppe styrer filminnspelinga som no går mot slutten.

For høvet er eit vel 120 meter langt konteinarskip vorte leigd inn og ligg ved kaien i Grötö hamn i svenske Lysekil.

Historia i det som er Jon Fosses hittil einaste filmmanus, krinsar rundt Gerd (Kristi-Helene Giæver Engberg) og Asle (Leo Magnus de la Nuez), som forelskar seg og får ein son saman, men alt blir rive meir og meir i filler av Asles jobb til sjøs.

### Sterk historie

Denne innspelingsdagen skal ei av nøkkelsenene spelast inn, der Asle mønstrar på igjen og forlèt den høggravide kjærasten sin åleine på kaien.

– Han skal vera tre månader på skipet, så her byrjar utfordringane og problema. Det er ei veldig vakker og sterk historie, med mykje lidenskap og kjensler. Men det er òg ei historie om kor mykje avstand kjærleiken toler, seier Erik Poppe til TT.

Poppe og Jon Fosse har vore venner i over 30 år. Ein stor del av tida, rundt 25 år, har eit eksemplar av filmmanuset kalla «Bad Moon Rising», lege framme på skrivebordet til filmskaparen.

### Verda vil ha den

– Jon spurde ein gong om eg syntest han skulle prøva å skriva eit filmmanus. Så eg sa «sjølv sagt, gjer det». Sidan har det lege på skrivebordet mitt og kikka på meg. Det er berre eg og Jon som har kjent til dette manuset alle desse åra.

Det var då Jon Fosse tok imot Nobelprisen i litteratur i 2023 at Poppe meinte tida var moden for å jakta finansiering av manuset.



– Allereie på den tida kjendest det som om Jon Fosse skulle eksplodera og bli ei enorm stjerne. Men eg trur ikkje at ein hadde forstått hans stil då. Måten han fortel på er minimalistisk, veldig naken og rein, sterk og gripande. No vil jo heile verda sjå denne filmen, seier Poppe.

### – Mykje tausheit

Den som har lese Jon Fosse, vil kjenna igjen hans litt særigne og enkle stil òg i filmen, trur skodespelar Kristi-Helene Giæver Engberg.

– Han skriv veldig vakkert. Det er mykje som ikkje blir sagt,

amna i Lysekil:

# ar problema



**VED KAIEN:** Innspeling av «Bad Moon Rising» i Lysekil. Regissør Erik Poppe med Leo Magnus de la Nuez som spelar Asle og Kristi-Helene Giæver Engeberg som spelar Gerd.

Foto: Björn Larsson Rosvall / TT / NTB / NPK

litt meir som på teater. Det er veldig mykje tausheit. I manus er det pause, lengre pause, pause, heila vegen. Og så må me fylla det med noko, seier filmens «Gerd».

Motspelar Leo Magnus de la Nuez er einig.

– Det er mykje tausheit og stille i manus. Det er det som er så spennande med Jon. Og det var vel difor han fekk Nobelprisen? Han set ord på det usynlege, seier han.

Filmen «Bad Moon Rising» vil ifølgje TT òg givast ut i bokform. Filmpremieren blir etter planen hausten 2026.

“ **Det er ei veldig vakker og sterk historie, med mykje lidenskap og kjensler. Men det er òg ei historie om kor mykje avstand kjærleiken toler.**

*Erik Poppe, regissør*



**KAN HA VERDI:** Digitalisering har størst verdi når det blir brukt i aktivitetar der barna får utforske og leike på eigne premissar, meiner forskarar ved Universitetet i Stavanger.

## For lite kunnskap om følgjene av digitalisering

**Barnehagen blir stadig meir digitalisert, og forskarar meiner at vi veit altfor lite om korleis dette påverkar dei yngste barna.**

Digitale verktøy kan gi barn nye moglegheiter for kreativitet, språk og utforsking. Robot-einingar og VR blir brukt i naturfag, og digitale biletbøker kan støtte fleispråkleg utvikling. Men det er også frykt for at teknologien kan avgrensa den frie leiken, om han ikkje blir brukt med omtalte, meiner forskarar ved Kunnskapssenter for utdanning ved Universitetet i Stavanger.

Dei har gått gjennom forskinga på feltet, og dei konkluderer med at digitalisering har størst verdi når det blir brukt i aktivitetar der barna får utforske og leike på eigne premissar. Mange tilsette opplever likevel at dei ikkje har god nok kompetanse om digital teknologi.

– Bruken blir gjerne tilfeldig fordi det manglar tydelege lokale planar og strategiar, seier forskar Astrid Guldbrandsen til forskingsmagasinet *Forskning.no*.

Kunnskapsoversikta viser ein jamn auke i forskning på digitalisering i barnehagen. Samstundes er det mangel på kunnskap og tydeleg strategi for bruk av nettbrett, kunstig intelligens og appar. Forskarane er samde om at det trengst meir informasjon om dei langsiktige effektane av bruken av digitale hjelpemiddel. (©NPK)

## Renessanse for papirbøker

**Trass i auka digitalisering og nye medievannar, held boklesing seg nokså stabilt i Noreg. Faktisk les fleire papirbøker no enn i 1994.**

I 2024 las éin av fire nordmenn papirbøker dagleg, ifølgje tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB).

Samstundes har lydbøker og e-bøker fått eit visst fotfeste. I 2024 las tre prosent e-bøker ein gjennomsnittsdag, og åtte prosent hørde på lydbok. Kvinner, eldre og personar med høg utdanning las mest, medan unge vaksne og personar med lågare utdanning las minst, viser tal frå Norsk mediebarometer.

Boklesinga i den norske befolkninga har vore relativt stabil frå 1994 til 2024. I 2024 las 24 prosent av befolkninga papirbøker dagleg. Tilbake i 1994 las 18 prosent papirbøker, før delen sokk til 17 prosent i 1997. Etter det auka lesinga gradvis, og nådde eit toppunkt i 2011.

Då las 27 prosent av befolkninga i ei papirbok på ein gjennomsnittsdag. (©NPK)

**Tusen takk!** Tusen takk! Mellom 27. august og 10. november fekk Noregs Mållag 378 327 kroner i gåve. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt med å sikra nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vips eit valfritt beløp (på nynorsk!) til 90540. **Takk!**

**MÅLGÅVE  
MED VIPPS:  
90540**

**AUST-AGDER MÅLLAG**

Anne Margrete Bjåen  
Reidun Gilje  
Margit Homme  
Gerd Fosse Hovden  
Gudrun Haugen  
Håvorsen  
Oddgeir Jensen  
John Gustav Johansen  
Björg Marie Krog  
Kleiven  
Per Bernt Knudsen  
Ragnar Kaasa  
Ingebjørg Lauvstad  
Hans-Olav Lauvstad  
Jon Kolbjørn Lindset  
Ragnhild Olavsdotter  
Nomeland  
Signe Alise Olstad  
Sigrid Bjørg Ramse  
Øystein Rød  
Astrid Stuestøl  
Sandkjær  
Vidar Toreid  
Johannes G. Torstveit  
Marie Tveiten  
Olav Vehus  
Jens Vellene

**AUSTMANNALAGET**

Karianne A. Aam  
Syver Berge  
Johan Birger Berget  
Bjørn Dalen  
Tor Johannes Einbu  
Ingvild Marie Eknes  
Brynhild Marie Foss  
Tordis Irene Fosse  
Randi Therese Garmo  
Odin Hagen  
Olav Haraldseid  
Bjarte Hole  
Ola Holen  
Olav Jenssveen  
Dag Johansen  
Helene Strand  
Johansen  
Ola Jonsmoen  
Kristin Kirkestuen  
Arnfinn Kjelland  
Harald Kleppe  
Inger Margrethe  
Kyllingstad  
Grete Langodden  
Gunnar Lien  
Anne Midtbø  
Åse Moe  
Eldri Monshaugen  
Asbjørn Myrvang  
Øyvind Nordli  
Jøgrim Nordslatten  
Jørgen Norheim  
Odd Arne Nustad  
Jørgen Nørstegard  
Ola Magne Robøle  
Gunnar Skirbekk  
Egil Skullerud  
Arne Skuterud  
Nils Steinar Slappgård  
Kjell Sletten  
Reidun Ramse  
Sørensen  
Ola Tronsmoen  
Olav Veka  
Berit Østmoen  
Svein Øye

Bjarne Øygarden  
Reidar Åsgård

**BUSKERUD MÅLLAG**

John-Ragnar Kvam  
Aarset  
Karin Arnesen  
Oliv Bakkeplass  
Maria Høgetveit Berg  
Herbjørn Brennhovd  
Per Drabløs  
Hege Elisabeth Falck-Andersen  
Jan Fekjan  
Hans-Ove Grostølen  
Oddrun Grønvik  
Einar Hanserud  
Björg Kari Brattåker  
Håheim  
Frode Kinserdal  
Grethe Hansdotter  
Nestegard  
Gro Randen  
Torun Torsteinsrud  
Inge Velle

**FYLKESMÅLLAGET  
VIKVERINGEN**

Bergfinn Aabø  
Solveig Fiskvik Aamodt  
Reidar Aasgaard  
Ruth Amdahl  
Gurid Aga Askeland  
Børre Austmann  
Ola Bergsaker  
Anfinn Bernaas  
Erlend Bleie  
Dag Aga Blokhus  
Reidar Borgstrøm  
Ola E. Bø  
Alv Reidar Dale  
Åsulv Edland  
Kirsten Osmo Eriksen  
Jon Fosse  
Tor Gabrielsen  
Ingvild Garborg  
Tom Kristian Grimsrud  
Jarle Grimstad  
Øystein Grønmyr  
Gunnvald Grønvik  
Bernt Hagtvet  
Karl S. Halse  
Ola M. Heide  
Mildrid Helland  
Sigrun Heskestad  
Halldor Hoftun  
Valborg Holten  
Kjetil Torgrim Homme  
Karin Strand  
Hovbrender  
Joar T. Hovda  
Marit Hovdenak  
Olav Høgetveit  
Ingeborg Hauge  
Høyland  
Erling Indreeide  
Øystein Jetne  
Sigmund Jaang  
Rønnaug Kleiva  
Bård Kolltveit  
Dagrun Kvammen  
Gunhild Kvålsgard  
Torhild Leira  
Tor Einar Ljønes  
Trond Øivindsson  
Lunde

Anders Lunnan  
Jon Låte  
Björg Mannes  
Norvald Mo  
May Johanne Molund  
Per Helge Mork  
Finn Måge  
Johan Nedregård  
Øystein Njål Nordang  
Åse-Sigrunn Nyland  
Ivar Nagelgaard  
Omenås  
Torgeir Ose  
Anne Perstølen  
Magnhild Reisæter  
Yngve Rekdal  
Helga Riise  
Asbjørn Roaldset  
Gunnar Rusten  
Asbjørg Engebø Rystad  
Gunn Karin Ryum  
Kari Rysst Seemann  
Olav R. Skage  
Gunnvor Fykse  
Skirbekk  
Arve Skutlaberg  
Sigrid Skålnes  
Agnete Strand  
Einar Strømnes  
Oddmund Svarteberg  
Jostein Sønnesyn  
Liv Ruud Thorstensen  
Arve Thorvik  
Halvor Tjønn  
Asbjørn Tolsrød  
Øystein Tormodsgard  
Audun Orten Trovåg  
Kristen Turtum  
Sverre Tusvik  
Ivar Vasaasen  
Werner Vesterås  
Lars Sigurdson Vikør  
Åsveig Vindenes  
Ole Kristian Våge  
Per Ivar Vaagland  
Møyfrid Sylvi  
Wergeland  
Kristen Øyen

**HORDALAND  
MÅLLAG**

Solveig Almås  
Arne Andersen  
Arnfinn Jørgen Ansok  
Karin Ask  
Erlend Bakke  
Rune Henrik Berge  
Arild Berge  
Marit Berge  
Maria Severine  
Øvstebø Berge  
Veslemøy Berge  
Kristen Bergsvik  
Eli Bergsvik  
Ansgar Bjelland  
Solveig Bjørsvik  
Lars O. Bleie  
Oddbjørn Borge  
Kari Borge  
Arne Brattabø  
Tor Brattebø  
Reidar Bremerthun  
Endre Otto Brunstad  
Helge Buer  
Aud-Sissel Bøe  
Vigdis Digernes Dahl

Arve Dale  
Knut O. Dale  
Kristian Djuvslund  
Hans Birger Drange  
Inge Draugsvoll  
Jenny Dugstad  
Torbjørn Dyrvik  
Jan-Egil Dyvik  
Terje Eide  
Gudrun Eimstad  
Ingunn Eitrheim  
Eirik Ingolf Eldøy  
Else Margrethe  
Skjerping Ellingsen  
Yngve Endal  
Magne Engevik  
Øystein Erstad  
Jarle Fanebust  
Bergit Utne Fjelde  
Astrid Anne Fjeldstad  
Sverre Fjell  
Tormod Folgerø  
Harald Forland  
Harald Frønsdal  
Mathias Furevik  
Knut Martin Fylkesnes  
Grethe Lie  
Gammelsæter  
Jostein Gimmestad  
Paul Kåre Gjuvslund  
Knut Gramstad  
Endre Grutle  
Gunnar Hageberg  
Anders Hallanger  
Anne-Lise Halveg  
Kirsti Handeland  
Oddlaug S. Hansen  
Lars Ove Olafsson  
Harnes  
Stanley Hauge  
Eldfrid Haukenes  
Bjarte Helle  
Arnfinn Hellevang  
Aslak T. Helleve  
Knut Johannes Helvik  
Jan Kåre Henriksbø  
Kjartan Hernes  
Britt G. Trefall Hernes  
Else Marie Kind Hevrøy  
Olrun Hild Hillestad  
Marit Hjartåker  
Eivind Hjelle  
Frode Hjertnes  
Oddfrid Hole  
Kåre J. Hole  
Grete Oline Hole  
Arnfinn Hopland  
Daniel Hydle  
Martha Hægstad  
Torunn Høie  
Evelyn Høysæter  
Nils Inge Haaland  
Geir Instanes  
Johanne Telnes  
Instanes  
Reidar Instanes  
Sniolvur Joanesarson  
Ingvild Jøsendal  
Randi Jåstad  
Ingunn Johanne  
Karlsen  
Folke Kjelleberg  
Helga Kolstad  
Knut Jørgen  
Kvilhaugsvik  
Magne Kvæven

Eli Børsheim Kvåle  
Ane Landøy  
Stig-Martin Liavåg  
Ingmar Lid  
Terje Lie  
Torgrim Ljønes  
Marit Merete Lunde  
Torun Lyssand  
Torstein Løning  
Frode Mannsåker  
Tone Eitrheim Midtbø  
Torlaug Eitrheim  
Midtbø  
Arvid Midttun  
Hallgeir Mjåtveit  
Jostein Molde  
Kari Molland  
Dag Unnar Mongstad  
Leif Bjørn Monsen  
Lillian Morvik  
Lars Mossefinn  
Marit Mulelid  
Einar Myster  
Nils Mæhle  
Eldbjørg Møllerup  
Amund Måge  
Oddvar Natvik  
Marit Nedreli  
Eli Karin Nerhus  
Arne Olav Nilsen  
Åshild Nordstrand  
Lisbeth Norendal  
Nils Nyteit  
Torgeir Næss  
Odd Jøran Oldervik  
Anfinn Otterå  
Olai Otterå  
Kjell Paulsen  
Johnny Ottar Pedersen  
Karin Johanna  
Prestegård  
Gunnbjørg Raudstein  
Arild Reigstad  
Astrid Oddbjørg  
Reigstad  
Berit Reinsaas  
Borgny Reisæter  
Lars Riise  
Margreta Rønning  
Magnhild Rørtveit  
Inger Marie Saltnes  
Arvid Sandvik  
Solbjørg Åmdal  
Sandvik  
Helge Sandøy  
Heidi Seilfaldet  
Inger Sekse  
Mons Ole Dyvik  
Sellevold  
Bjarne Skarestad  
Olav Johannes Skeie  
Gunnvald Skeiseid  
Arne Skjerven  
Atle Skorpen  
Harald Skorpen  
Knut E. Skåla  
Kaare Skaala  
Asbjørg Solberg  
Harry Solberg  
Odd Reidar Solem  
Ragnhild Edith Solvang  
Mette Løkeland Stai  
Idar Stegane  
Nora Henden Stegane  
Arjen L H Stolck  
Gerhard Inge Storebø

Ole Lars Strønen  
Edith Stusdal  
Thea Sunde  
Rolf Sigmund Sunde  
Åshild Sveinsgjerd  
Kurt Svensson  
Ingebjørg Dønhaug  
Sæbø  
Leiv Sæbø  
Anne Sæland  
Rolf Sæterdal  
Olav Sønnesyn  
Ingebjørg Søreide  
Øyvind Teigen  
Johannes Teigland  
Johan Torekoven  
Torgeir Torvik  
Erlend Trones  
Hans Tveit  
Sissel Tveita  
Solfrid Tuft Tyssen  
Anne-Lise Ullebø  
Oddbjørg Ulveseth  
Sjur Uppheim  
Unni Urdal Vedå  
Amund Velure  
Randi Vengen  
Leiv Vetås  
Jon O. Veivle  
Aud Liv Hole Vike  
Inger B. Vikøren  
Ingebjørg Viste  
Lars Arve Worren  
Nils Ivar Østerbø

**KARMSUND MÅLLAG**

Ingrid Marie Dale  
Asbjørn Djuv  
Reidun Dyrseth  
Asbjørn Eik-Nes  
Bror E. Eriksen  
Dorthea Sofie Erøy  
Grete Fedøy  
Lars Kjetil Flesland  
Kirsti Gilje  
Trygve Handeland  
Olav Torfinn Jondahl  
Svend Kjetland  
Tone Kringeland  
Karin Molvik  
Agnar Ståle Naustdal  
Bjørn G Nedrebø  
Sigfred Nerheim  
Ragnhild Underhaug  
Ness  
Johannes Ness  
Lars Gunnar Oma  
Geir Ragnhildstveit  
Nina Karin Ramsfjell  
Helga Reinertsen  
Trygve Sandvik  
Knut Selsaas  
Tor Sigurd Selvåg  
Olav Magne  
Skigelstrand  
Njål Steinsland  
Ernst Arne Sælevik

**NORDLAND MÅLLAG**

Kåre Belsheim  
Gunnar Claussen  
Jakob Eitrheim  
Jan Hana  
Olav Holten  
Ståle Paulsen  
Johannes Tveita

Jon Tørset  
Arne Harald Tøsse

### NORDMØRE MÅLLAG

Magnar Almberg  
Jon Kristian Aune  
Ola Bræin  
Kjellaug Brørs  
Terje Hals  
Eivind Hasle  
Sverre Hatle  
Johan Sigmund  
Heggem  
Kari Sigrud Roset  
Holten  
Liv Klaksvik  
Jorunn M. Kvendbø  
Hanne Kvitberg  
Hallvard Torbjørn  
Magerøy  
Tove Mogstad  
Terje Ramsøy-Halle  
Bjørge Reiten  
Rolv Sæter  
Eirik S. Todal  
Elen Maria Todal  
Per Utne  
Karin Vike  
Anna Rendedal  
Vinsrygg  
Knut Ås

### ROGALAND MÅLLAG

Gunnleiv Aareskjold  
Audun Aarflot  
Torstein Aartun  
Sigmund Andersen  
Aslaug Astad  
Johannes Bakka  
Lars Egil Bakka  
Ola Birkeland  
Bjarte Birkeland  
Bjørge Bjelland  
Torill Gunnarsrud  
Buene  
Jan Egil Byberg  
Alf Jan Bysheim  
Ellen Einervoll  
Anne Farbu  
Lars Olav Fatland  
Åse-Berit Fidjeland  
Solveig Moe Fisketjøn  
Ingrid Fiskaa  
Rune Folkvord  
Sonja Terese Tjøstheim  
Fosse  
Ove Harald Fossen  
Otto Laurits Fuglestad  
Ingrid Gjesdal  
Endre Gjil  
Sigve Gramstad  
Egil Harald Grude  
Ranveig Gudmestad  
Vigdis Gullberg  
Ingvil Harstad  
Kari Ingfrid Hatteland  
Liv Hauge  
Inge Haugland  
Sverre Haver  
Erik N. Havrevoll  
Nils Nikolai Haugen  
Havrevoll  
Halvard Helseth  
Kjell Birger Hetlelid  
Rasmus Hidle  
Kjellaug M. Hognestad  
Arna Høyland  
Anne Martha Kalhovde  
Magnhild Meltveit  
Kleppa  
Tore O. Koppang  
Nils Ingvar Korsvoll  
Herborg Kverneland  
Reidar Kydland  
Jon Laland

Hallgeir Langeland  
Magnhild Lid  
Arne Lynghjem  
Leif-Inge Misje  
Reidar Nesheim  
Ingjerd S. Nicolaysen  
Knut Norddal  
Øyvind Nordsletten  
Pernille Nylehn  
Per Arne Nyvoll  
Leiv Olsen  
Berit Irene Oltesvik  
Inger Skretting Opstad  
Åshild Osaland  
Marit Osland  
Esther Ndayizeye  
Phillibert

Hjørdis Ravnås  
Oddbjørn Reime  
Torleiv Robberstad  
Audun Rosland  
Magne A. Roth  
Torhild L. Rørheim  
Oddbjørn Salte  
Frode Sandve  
Eli Seim  
Jostein Selvåg  
Ingeborg N Skjærpe  
Martin Skrettingland  
Målfrid Snørteland  
Tom Soma  
Torgeir Spanne  
Hans Spilde  
Audun Steinnes  
Inge Kristian Sunde  
Odd Sigmund Sunnanå  
Erling Arnold Tønseth  
Svela  
Brit Harstad Sværen  
Magni Sønnesyn  
Hogne Sønnesyn  
Svein Kåreson Søyland  
Dagfrid Søyland  
Liv-Sigrud Taylor  
Kurt Tunheim  
Dorthea Tveit  
Aslaug Marie Undheim  
Knut Vadla  
Jone Vadla  
Borghild Vadla  
Ottar Vandvik  
Torbjørn Hinna  
Vangsnæs  
Astrid Apalset Vassbø  
Arve Vedvik  
Bjarne Vigre  
Klara Vik  
Atle Ingar Vold  
Askill Voll  
Gunnar Østebø  
Viggo Østebø

### ROMSDAL MÅLLAG

Roger Aakernes  
Ingar Aas  
Henning Austigard  
Dagrun Gjelsvik  
Austigard  
Asbjørge Baldersheim  
Petter Inge Bergheim  
Leif Erik Bolsø  
Audrey Digernes  
John Ekroll  
Per Bjørn Ellingseter  
Einar Gridset  
Kåre Magne Holsbøvåg  
Anne Mette  
Korneliussen  
Harald Krøvel  
Asbjørn Oterhals  
Sven Erik Skarsbø  
Lisa Sklett  
Per Arne Skomsø  
Marit Straumsheim  
Ingar Sveen

Eg gjev mål-  
gåve, så sant eg  
kjem på det.

Jon Fosse

John Edvard Voldseth  
Roald Øygard

### SOGN OG FJORDANE MÅLLAG

Lise Aasen  
Inge Andersen  
Ragna Asperheim  
Johannes Bakken  
Bente Kvernevik  
Berstad  
Olaug Marie Bjelde  
Reidulf Bjørlo  
Ole Reinhart Bugjerde  
Gyda Bøtun  
Tryggve Dyrvik  
Tor W. Eikemo  
Gjertrud Eikevik  
Sigmund Eikås  
Anne Kristin Kayser  
Eitungjerde  
Kjell Erik Eldegard  
Ingebjørge Erikstad  
Bjørn Fjøsne  
Sverre N. Folkestad  
Jan Martin Frislid  
Ottar Færøyvik  
Asbjørn Geithus  
Håkon S. Giil  
Arne Gjeraker  
Dagfrid Grepstad  
Knut Henning  
Grepstad  
Audun Hammer  
Hallgeir Hansen  
Hans Haugen  
Bjarne Havro  
Jon Heggheim  
Olin Johanne Henden  
Helga Hjetland  
Marianne Hoff  
Ragnar Hove  
Svein J. Hove  
Nils Husabø  
Målfrid Husnes  
Reidun Bergitte  
Håland  
Martha Systad Iden  
May Britt K. Indrebø  
Øyvind Indrebø  
Toril Jakobsen  
Ingunn Kandal  
Anna Kjemphol  
Lars Kjøde  
Ola Kjørstad  
Gunnar Kjørvik  
Torhild Solheim  
Klævold  
Ragnhild-Lise Furnes  
Korsvoll  
Kirsten Gram  
Kristiansen  
Aage Kvendseth  
Hildegunn Kvistad  
Liv Janne Kvåle  
Bjarne Kaarstad

Bjørge Ladehaug  
Ivar B. Kjølraug Larsen  
Øystein Lavik  
Bjørge Dombestein  
Lofnes  
Rune Lotsberg  
Terje Erik Moe  
Knut Moen  
Ragnhild Skogen  
Molde  
Johan Moldestad  
Maryan Georgsdotter  
Mundal  
Randi Bjørge Myklebust  
Kjell Myklebust  
Kjell Magnar  
Myklebust  
Knut Ole Myren  
Ingunn Marie Myren  
Olav Nedrebø  
Gudlaug Nedrelid  
Julie Kristine Ness  
Gunnvor Ness  
Astrid Marie Nistad  
Ivar Bjarte Nord  
Stein Bugge Næss  
Per Scott Olsen  
Vidar Otterstad  
Oddbjørn Ramstad  
Jon Ramstad  
Tordis Randmo  
Eli Johanne Sefland  
Reite  
Sæmund Kjetil Rindal  
Jostein Risa  
Henning Leiv Rivedal  
Signe Marie Rønnekleiv  
Karine Hatlem  
Rønneseth  
Bjørn Rørtveit  
Steinar Røyrvik  
Arve Sandal  
Margot Sande  
Jorunn Sandvik  
Marta Kari Schawllann  
Anne Guri Schröder  
Håkon Sjøstad  
Anders Skarestad  
Jon Skjeldestad  
Signe Skjeldestad  
Olav Jonson Skjeldestad  
Sissel Skjerdal  
Ingebjørge Skjerven  
Jenny Ødven Snildal  
Annlaug Sognnes  
Synneva Kalle Solheim  
Henrik Stokkenes  
Irene Stokker  
Geir Liavåg Strand  
Åse Sognnæs Strandos  
Bård Støfringsdal  
Sigrid Svartefoss  
Kari Malmanger Svedal  
Marit Svendsen  
Gunnhild Systad  
Jorunn Systad

Leiv Sølberg  
Ingrid Søyland  
Bodil Bjørlo Takle  
Herfinn Takle  
Ingrid Thy  
Marit Breilid Velle  
John Elling Vereide  
Oddfrid Vereide  
Jorunn Veseth  
Lars Øyvind Vikesland  
Oddhild A. Voll  
Ottar Wiik  
Liv Østrem  
Magni Øvrebotten  
Inger Merete Øygard  
Vidar Åm


### SUNNMØRE MÅLLAG

Inger Aarflot  
Ranja Dimmen Alme  
Kristian Almås  
Bernt Baltzersen  
Idun Schawllann  
Barsnes  
Torunn Bildøy  
Kjartan Bleie  
Veronika Bonaa  
Ole Arne Brubakk  
Ole Arild Bø  
Borgny Anne Bårdseth  
Norunn Margrethe  
Dimmen  
Siv Dimmen  
Magne Drabløs  
Sverre Drege  
Atle Døssland  
Marit Veiberg Eide  
Ann Britt Våge  
Fannemel  
Magnar Furset  
Tore Gjære  
Odd Goksøyr  
Norunn Hagen  
Severin Haugen  
Astrid Hausvik  
Jorunn H. Henriksen  
Kirsten Hundvebakke  
Astri Hunnes  
Reidun Hunnes  
Asbjørn Hustadnes  
Ingrid Runde Huus  
Alvhild Kvamme  
Iversen  
Jakob O. Kjersem  
Terje Kjøde  
Jostein Korsnes  
Rune Kvalsund  
Stein Olav Kvalø  
Marit Kvammen  
Odd Larsen  
Maria Renate Lied  
Aasen  
Svein Linge  
Anne Lise Lunde  
Roger Nedreklepp  
Dorthea Mari Nordahl  
Brynhild Kåra Lund  
Notøy  
Synnøve Nymark  
Aasen  
Trine Naadland  
Lars Omenås  
John Osnes  
Bjørnar Osnes  
Britt Oterholm  
Johan Ottesen  
Grete Strand Rekdal  
Solveig Eldrid Risbakk  
Greg Rotevatn  
Gunder Runde  
Olga Støylen Runde  
Anni Selma Rusten  
Tor Henrik Ryste  
Merete Kristin Løvoll  
Rønneberg

Magnar Rønstad  
Grethe Østerhus Røyr  
Jostein Sande  
Johan Sandvik  
Else Synnøve Skarbø  
Reidar Skarbø  
Olav Slettebak  
Jarle Solheim  
Endre Standal  
Ola Steinsvik  
Linbjørge Bjørkavåg  
Sunde  
Arnhold Sæther  
Ragnhild Sørvald  
Sverre Sørvald  
Brit Gjerde Tandstad  
Geir Steinar Tandstad  
Asbjørge Tryggestad  
Solveig Ulstein  
Randi Flem Ulvestad  
Mette Karin Flem  
Ulvestad  
Åse Irene Vestre  
Eldrid Vik  
Sveinung Walseth  
Bastian Weiberg-  
Aurdal  
Knut Ytterdal  
Øyvind Østvik  
Kjell Arne Årseth

### TELEMARK MÅLLAG

Audun Aasmundtveit  
Geddy Aniksdal  
Sveinung Astad  
Lars Bjaadal  
Halgeir Brekke  
Olav Rune Djuve  
Tjøstov Gunne Djuve  
Olav Felland  
Sigrid Fonnlid  
Asbjørn Gardsjord  
Oscar Johan Garnes  
Hans Magne Gautefall  
Nils K. Gjerde  
Marit Gotuholt  
Tulle Groven  
Asbjørn Nes Hansen  
Ingebjørge Hanto  
Kristian Ihle Hanto  
Svanhild Haugen  
Margit Ims  
Arne-Birger Knapskog  
Olaf Langåsdalen  
Tove Løyland  
Aud Manheim  
Sigrun Garvik Moen  
Olav Mosdøl  
Hilda Helene Neset  
Sigrid Nordskog  
Jakob Olimstad  
Inger Helene Olsnes  
Kari Rustberggård  
Anne Ingebjørge Ruth  
Børre Rønningen  
Per Skaugset  
Olav Solberg  
Margit Ryen Steen  
Alv Halvor Straumstøyl  
Sigrid Straand  
Olav Teigen  
Olav Tho  
Anne Elise Thorvaldsen  
Kari Tveit  
Jørgen Tveit  
Alf Torbjørn Tveit  
Borgny Slettemoen  
Tøfte  
Gudny Anne Lid  
Unhjem  
Tor Valle  
Einar Versto  
Johan Vaa  
Halvor Øygarden



**TROMS OG FINNMARK MÅLLAG**

Nils Aarsæther  
Bente Benjaminsen  
Odd Borch  
Nils Dannemark  
Bjarne Eilertsen  
Torgeir Engstad  
Lillian Bernes Hay  
Kjell Heggelund  
Magne Heide  
Olav Gaute Hellesø  
Olaug Husabø  
Kjellaug Jetne  
Astrid Kvangarsnes  
Olaug Terum Kvitberg  
Ellen Skjold Kvåle  
Erik Lemika  
Tyra V. Mannsverk  
Oddrun Molvik  
Valborg Myklebust  
Atle Måseide  
Kjell-Per Nilsen  
Ole Edgar Nilssen  
Guro Reisæter  
Ingrid Russøy  
Rønnaug Ryssdal  
Sigrid Skarstein  
Sunniva Skålnes  
Greta Tjelle  
Åse Utkilen

**TRØNDERLAGET**

Reidar Almås  
Eli Aune  
Håvard Avelsgaard  
Kjell Bardal  
Ivar Berg  
Karl-Ove Bjørnstad  
Lars Daling  
Olaug Denstadli  
Tore Fagerhaug  
Jan Finjord  
Svein Arild Fjeldvær  
Margit Flakne  
Asbjørn Folkvord  
Kristian Johan Fossheim  
Arne A. Frisvoll  
Anders Gjelsvik  
Jon Grønli  
Anders Gustad  
Liv Haugen  
Andrea Hjelde  
Herlaug Hjelmbrække  
Ola Huke  
Modulf Husby  
Målfrid Hyrve  
Kirsten Inderberg  
Inger Sandvik Jarstein  
Ragnar Jenssen  
Åke Junge  
Turid Kjendlie  
Olav Kuvås  
Anne Leira  
Björg Lund

Alf Helge Løhren  
Lars Kolbjørn Moa  
Håvard Moe  
Tore Moen  
Magne Måge  
Einar Nordbø  
Ingrun Norum  
Idar Næss  
Aud Okkenhaug  
Solveig Otlo  
Mimi Bruskeland Oust  
Herman Ranæs  
Rutt Olden Skauge  
Oddny Pauline Skeide  
Odd Sigmund Staverløkk  
Roald Sund  
Per Johan Sæterbakk  
Svein Bertil Sæther  
Sverre Sævareid  
Jan Sørås  
Torbjørn Tranmæl  
Kristoffer Uppheim  
Ann-Merethe Voldsund  
Beret Wicklund

**VALDRES MÅLLAG**

Björg Berge  
Olav Gullik Bø  
Inger Solveig Bøe  
Randi Eltun  
Margit Fuglehaug  
Helene Hauge

Olaug Hjelleset  
Ingunn Hommedal  
Frank Tommy Jacobsen  
Björg Lerhol  
Anders Lunde  
Torodd Lybeck  
Liv Aslaug Myhre  
Nils Rogn  
Kari Bø Wangensteen  
Berit Matre Ødegaard

**VEST-AGDER MÅLLAG**

Tove Berulvson  
Kjell Byremo  
Egil Djuvik  
Anne-Berit Erfjord  
Aslak T. Fjermedal  
Tone Astrid Folkvord  
Flodquist  
Svein Harald Follerås  
Grete Forgard  
Randi Lohndal Frestad  
Torje Karsten Grindheim  
Torfinn Hageland  
Berit Fiskaa Haugjord  
Magne Heie  
Ola Reidar Haaland  
Elisabeth Haaland  
Olav Torgny Hårtveit  
Oddvar Jakobsen  
Solveig Stallemo Lima

Målfrid Lindeland  
Sylfest Lomheim  
Oddvar Moen  
Kjartan Myklebust  
Elfrid Ovedal  
Odd Harald Robstad  
Nils Salvigsen  
Margit Seland  
Birgit Stallemo  
Asbjørn Stallemo  
Nils Harald Stallemo  
Eva Haugen Sørgaard  
Ingunn Tveit  
Gunnar Vollen  
Ivar Åmlid

**ØSTFOLD MÅLLAG**

Kjetil Aasen  
Asgeir Bjørkedal  
Jan Brygffjell  
Per Thorvald Larsen  
Per Kristian Løkkevik  
Jørn Egil Zøllner  
Yrkesmållag  
Kjellfrid Bøthun  
Anne-Marie Botnen Eggerud  
Morten Elster  
Elise Sundfør Erdal  
Sissel Hole  
Eirik Holten  
Kari E Huus  
Ivar Jerald

Per Helge Kvistad  
Kjell Harald Lunde  
Arne Exner Nakling  
Borge Otterlei  
Linda Plahte  
Frode Ringheim  
Lars Helge Sørheim  
Wenche Irene Thomsen  
Harald Thune  
Turid J. Thune  
Sigrid Tyssen  
Birger Valen  
Vidar Ystad

**BEINVEGES INNMELDE**

Egil Andreas Helstad  
Robert Hermansen  
Johannes Hjønnvåg  
Herborg Lillebø  
Magne Arne Reigstad

# KRAMBUA

Stø målarbeidet med ein handel i Noregs Mållag sin eigen nettbutikk!



Aasen julekule: 359,-



Kubbspel: 590,-



Smykke "kjærleik": 650,-

På nettbutikken finn du mange fleire varer og mange gode tilbod.  
Send ein e-post med tinging til [per.arntsen@nm.no](mailto:per.arntsen@nm.no), ring til 23 00 29 35,  
eller gå inn på [www.nm.no/krambua](http://www.nm.no/krambua).

Porto kjem i tillegg til prisane vi har gjeve opp her.

# MÅLLAGET INFORMERER



## LANDSMØTE 2026

Noregs Mållag skipar sitt 104. landsmøte fredag 24. til søndag 26. april 2026 på Gardermoen. Møtet er på Radisson Blu Airport Hotel, som ligg i gangavstand frå flyplassen. Landsmøtet er det høgste organet i Noregs Mållag, og vedtek både politikk, strategi og økonomien for organisasjonen. Det vert aktuelle innleiingar, politiske ordskifte og val av nytt styre i Mållaget. Det blir gode kulturinnslag og bra målfolk frå heile landet, så dette er absolutt noko å få med seg. Møtet er ope for utsendingar frå lokallag, fylkeslag og yrkesmållag. Desse vert valde på årsmøta i laga på nyåret.

## ÅRSMØTE I LOKAL- OG FYLKESLAGA

Sidan det er landsmøte i år, er det lurt å planleggja årsmøtedato tidleg. Har du lyst å vera med på årsmøte i laget ditt, følg med i aktuelle kanalar, eller ta kontakt med leiaren din. Kontaktinfo finn du i lagsoversynet på [nm.no](http://nm.no).

## KVEN SKAL STYRA NOREGS MÅLLAG?

Alle i styret blir valde for to år, og er på val kvart ordinære landsmøte. Valnemnda er i gang med arbeidet med å føreslå nytt styre for Mållaget for

landsmøteperioden 2026 til 2028. Har du eit godt namn til desse verva? Då vil valnemnda gjerne høyra frå deg innan 15. desember. Skriv helst ei lita grunning for framlegget, altså kva kunnskap og eigenskapar kandidaten har, som gjer at du føreslår vedkomande. Skriv også om det er du eller eit lag som står bak framlegget. Send til [nm@nm.no](mailto:nm@nm.no).

## KORLEIS ARBEIDA FOR MEIR NYNORSK?

Fyrsteutkastet til nytt arbeidsprogram for Noregs Mållag 2026-2030 er ute på høyring i organisasjonen. Du finn det til nedlasting på [nm.no](http://nm.no). Høyringa er open for alle, og høyringsfristen er 29. januar 2026. Send innspel og endringsframlegg til [framlegg@nm.no](mailto:framlegg@nm.no).

## MEDLEMSTAL

I skrivande stund nærmar me oss 16 000 betalande mållagsmedlemer. Om du som les dette vil hjelpa oss å verva, set me stor pris på det. Kan me slå fjorårets rekord på 16 378?

## NYNORSKSTIPEND 2026

Kjenner du nokon som treng 50 000 kroner til eit godt nynorskprosjekt? Fristen for å søkja nynorskstipend er 15. februar.



Prent: Amedia Trykk  
Opplag: 15 500  
Abonnement: kr. 250,- per år

Annonsar:  
Annonseprisar: kr 9,00,-/mm  
Tillegg for tekstsida: kr 0,50,-/mm  
Spaltebreidd: 45 mm  
Kvartside: kr 4000,-  
Halvsida: kr 6000,-  
Heilsida: kr 10 000,-  
Ilegg til avisa: kr 1,00 pr. stk.

Alle prisar er eks. mva. Ved lysing i fleire nummer kan vi diskutere særskilde avtalar.

Stofffrist nr. 1, 2026:  
9. februar, 2026



## NOREGS MÅLLAG

[nm.no](http://nm.no)

**Tilskrift:**  
Dronningens gate 22  
0154 OSLO

**Telefon:** 23 00 29 30  
**E-post:** [nm@nm.no](mailto:nm@nm.no)

**Kontoradresse:**  
Dronningens gate 22, 0154 OSLO

**Nytt kontonnr.:** 3480 17 82851

**Leiar:** Peder Lofnes Hauge  
95 12 26 89 / [peder.hauge@nm.no](mailto:peder.hauge@nm.no)

**Nestleiar:** Live Havro Bjørnstad  
91 75 39 37 / [live.bjornstad@nm.no](mailto:live.bjornstad@nm.no)

### Tilsette:

**Gro Morken Endresen**, dagleg leiar,  
tlf. 23 00 29 37 • 95 78 55 60,  
[gro.morken@nm.no](mailto:gro.morken@nm.no)

**Erik Grov**, organisasjons- og kommunikasjonsrådgjevar,  
tlf. 23 00 29 30, [erik.grov@nm.no](mailto:erik.grov@nm.no)

**Per Henning Arntsen**, økonomirådgjevar,  
tlf. 23 00 29 35, [per.arntsen@nm.no](mailto:per.arntsen@nm.no)

**Ingar Arnøy**, skulemållsskrivar,  
tlf. 23 00 29 36 • 97 52 97 00,  
[ingar.arnoy@nm.no](mailto:ingar.arnoy@nm.no)

**Hege Lothe**, informasjons- og organisasjonsrådgjevar,  
tlf. 92 64 83 48, [hege.lothe@nm.no](mailto:hege.lothe@nm.no)

**Vemund Norekvål Knudsen**, redaktør og rådgjevar,  
tlf. 23 00 29 32 • 97 68 43 99  
[vemund.knudsen@nm.no](mailto:vemund.knudsen@nm.no)

**Frida Pernille Mikkelsen**, politikk- og kommunikasjonsrådgjevar,  
tlf. 48 24 87 47, [frida.mikkelsen@nm.no](mailto:frida.mikkelsen@nm.no)

**Tonje Thorstad Kildal**, kommunikasjonsrådgjevar (vikariat),  
tlf. 97 06 82 26, [tonje.kildal@nm.no](mailto:tonje.kildal@nm.no)



## NORSK MÅLUNGDOM

[malungdom.no](http://malungdom.no)


**Leiar:** Sebastian Vinsent Natvik,  
[sebastian@malungdom.no](mailto:sebastian@malungdom.no),  
tlf. 99 50 80 11

**Skrivar:** Mari Kaslegard,  
[mari@malungdom.no](mailto:mari@malungdom.no),  
tlf.: 97 34 28 64

**Bladstyrar Motmæle:**  
Ingrid Blancheflor Dyrli, tlf. 95 74 81 16,  
[bladstyret@malungdom.no](mailto:bladstyret@malungdom.no)

**Tilskrift:** Dronningens gate 22,  
tlf. 97 34 28 64,  
[norsk@malungdom.no](mailto:norsk@malungdom.no)

**Kontonnr.:** 3450.65.48707 (målgåver)



Returadresse:  
Noregs Mållag  
Dronningens gate 22  
0154 OSLO

Nr. 4 • november 2025

# Norsk Tidend

Framhald av *Fedraheimen* og *Den 17de Mai*

*Nynorsken er eit symbol på mangfald og sjølvråderett – og ein nøkkel til å forstå oss sjølve som nasjon.*

*Alternativt satsbudsjett frå Senterpartiet*

for hundre år sidan

Det norske teatret og nokre einskildpersonar hev i so maate gjort godt arbeid i si grein av norsk scenekunst. Men me maa vidare. Me maa faa nynorsk revykunst, nynorsk kabaret, nynorsk operette! Gjev det må verta meir enn framtidsdraum!

**avisa Norig,  
31. oktober 1925**

Men eg er heilt usamd med umsetjaren naar han gjer namnet Asbjørn til Aasbjørn. Det synest ha vorte mote mellom historikarar aa skriva alle soverne namn med aas; men det er vandt aa skyna at den moten er anna enn mistydd antikisering. Det heiter daa paa nynorsk Aslak og Astrid. At ein skriv Aasmund og Aasvald (eller Osvald) hev vel sin serskilde grunn i det at dei er kjende fraa ein landslut de as- i vissse høve hev vorte til aas- eller os- (u-ljodbrigde).

**Johan Agerholt  
i Den 17de Mai,  
28. desember 1925**

**Plantelære på nynorsk**  
Etterkvart som folkeskulane hev gjenge yver til nynorsken, hev det på fagskulane i jordbruket vorte meir og meir trong for lærebøker paa nynorsk maal. Mange som freista ta nynorsken med seg inn paa desse skulane fekk ofte maalsansen utskjemt, ikkje berre avdi mange lærarar tala «knot», men likeso mykje avdi dei laut bruka danske eller dansk-norske lærebøker.

Smaaatt um senn hev det vorte betre. Nye bøker hev etter kvart kome paa nynorsk og eldre hev kome paa nynorsk [...]

**Avisa Norig,  
3. desember 1925**

## på tampen



# Kva skjer i Venezuela?

■ Då María Corina Machado vann Nobels fredspris i år, var det nok ikkje berre eg som ikkje hadde høyrd om ho, og forhåpentlegvis var eg ikkje den einaste som lurte på korleis språksituasjonen i Venezuela er. Sanninga er at eg veit frykteleg lite om Venezuela, og det er ikkje bra. Det eg veit, er at det er ein av dei farlegaste plassane i verda. Så farleg at reiseråda til UD åtvarar oss mot å feriera der, noko som er synd i og med det au er kjent som eit av dei vakraste landa i Sør-Amerika. Dei har flamingoar og verdas høgaste fossefall, berre for å strø salt i såret. Eg trur au at ein plass i den stadig større bunken av bøker eg planlegg å lesa, ligg boka *Doña Bárbara* av forfattere Rómulo Gallegos, og blir flatare og flatare.

■ Det karibiske landet blei kolonisert i 1522, og så frigjort frå Spania i 1830. Med det fekk spanjolane over 300 år på seg til å rasera dei lokale språka i regionen. Det offisielle språket i Venezuela er den dag i dag kastiljansk, trass i at det har vore ein sjølvstendig stat i snart 200 år. Fleire av urfolksspråka i landet er truga, og fylgjer ein tala frå Ethnologue frå i fjor, har ein no 37 levande urfolksspråk i landet, og seks til som er utdøydd. I tillegg til dette finst det sju innførte språk i landet, tidlegare nemnde spansk er det mest tala, så kjem portugisisk og italiensk.

■ Men me skal sjølvstøtt konsentrera oss om urfolksspråka, det er dei me kan minst

om. Noko av det mest spennande i regionen er talet på språkfamiliar. Sidan norsk tilhøyrer den store språkfamilien indoeuropeisk, tenker me ofte ikkje på andre språkfamiliar. Til og med eg, som har det dravidanske språket tamilsk som morsmålet mitt. I Venezuela er det dei karibiske og arawakiske språkfamiliane som dominerer, dei andre språkfamiliane er: guaji-boansk, yanomamansk, salvivansk, chibchansk, puinavsk, og tupisk. Ikkje minst finst det fleire isolerte språk i regionen.

■ Dette med talet på språk er noko uklårt av di Ethnologue, ei god kjelde til å utforska språk, klassifiserer på ein spesifikk måte. Somme lingvistar anslår likevel at det er over 70 urfolksspråk i landet, og så mange som 30 isolerte språk. Men om det er 70 eller 40, er det likevel ei heil mengde språk, og det får meg til å lura på korleis folkevandringane til Amerika var. Ein trur at dei kom i tre store bylgjer, men kven var desse folka? Kva for språk snakka dei, og korleis har desse språka utvikla seg vidare i historia? Det er jo au funn som tyder på at polynesianane busette seg i Sør-Amerika, er dette ein del av det mangfaldige biletet? Ein skulle ha hatt ein tidsmaskin og ein sekk full av antibiotika og tannkrem for å dra tilbake og sjå! Og så må eg jo rota fram *Doña Bárbara* og faktisk lesa ho.

THARANIGA RAJAH

“ **Somme lingvistar anslår likevel at det er over 70 urfolksspråk i landet, og så mange som 30 isolerte språk.** ”